

"EN SÄREGEN BETRAGTNING AF MENNESKE-LIVET"

N.F.S. Grundtvigs Mands Minde 1788-1838

av

Sander Lilleslett

Hovedoppgåve ved  
Institutt for nordisk språk og litteratur  
Universitetet i Oslo  
våren 1984

## Innhold.

|      |   |    |
|------|---|----|
| I.   | <u>Innleiing</u>                                      |    |
|      | Ein skapande periode                                  | 1  |
|      | "Mundens Tronbestigelse"                              | 2  |
|      | "Mands Minde"-tekstene                                | 8  |
|      | Tekst og tale   | 10 |
|      | Formålet  | 13 |
| II.  | <u>"Den universalhistoriske Anskuelse"</u>            |    |
|      | Bakgrunn  | 15 |
|      | "Den vidunderlige Kjæde"                              | 18 |
|      | "Nordens Kæmpeaand"                                   | 20 |
|      | "Forklaring" - føremålet med historia                 | 26 |
|      | "Anskuelsen" og samtida                               | 28 |
| III. | <u>To ytterpunkt: Revolusjonen og Napoleon</u>        |    |
|      | "Folkenes Dødskamp"                                   | 31 |
|      | "vor Tids merkværdigste Mand"                         | 35 |
| IV.  | <u>"Det borgerlige Selskab"</u>                       |    |
|      | Statsforfatning i folkets ånd                         | 42 |
|      | Kongemakt og folkestemme i Danmark                    | 45 |
| V.   | <u>Grunnleggjande vilkår for historisk forklaring</u> |    |
|      | "Friheden"  | 51 |
|      | "Det levende Ord paa Modersmaalet"                    | 55 |
| VI.  | <u>Middel til å fremje historisk forklaring</u>       |    |
|      | Skalden og historikaren                               | 60 |
|      | Skalden si oppgåve i folket                           | 61 |
|      | Hans eiga rolle som skald                             | 63 |
|      | Kampen for opplysning                                 | 67 |
|      | Latinskulen   | 68 |
|      | Verdien av opplysning i politisk samanheng            | 69 |
|      | "Den folkelige Højskole"                              | 70 |
|      | "Den levende Vexelvirkning"                           | 73 |

|      |  |    |
|------|--|----|
| VII. | <u>Språk og stil</u>                   |    |
|      | Innleiing                              | 77 |
|      | "Mundtligeden"                         | 79 |
|      | Nokre stilistiske drag i "Mands Minde" | 81 |
|      | Ordtak og daglegdagse vendingar        | 82 |
|      | Samansetjingar                         | 84 |
|      | Biletbruken                            | 85 |
|      | Stilfigurar                            | 91 |
|      | Litteratur- og forkortingsliste        | 95 |
|      | Notar                                  | 97 |

## I Innleiing.

### Ein skapande periode.

Då N.F.S. Grundtvig heldt sine "Mands Minde"-foredrag på Borchs Kollegium i København sommaren og hausten 1838, sto han midt oppe i ein av dei rikaste og mest skapande periodane i sitt liv. Striden omkring "Kirkens Gienmæle" i 1825-26 førte med seg heller dramatiske hendingar, som kom til å ha visse følgjer for arbeidet hans i denne perioden. Åtaket på professor H.N. Clausen gav han ei injuriesak, med livsviktig sensur som resultat, og då dertil salmane hans hadde vorte nekta brukt ved 1000-årsfesten for innføringa av kristendommen i Danmark, sa han frå seg presteembetet sitt ved "Vor Frelsers Kirke". "Kan man ikke synge mine Salmer, saa kan man heller ikke høre min Prædiken" (1a). Det skulle gå nesten 12 år før sensuren vart oppheva, og noko presteembete gjekk han ikkje inn att i før han vart innsett som prest ved Vartov i 1839.

Fri frå dei daglege embetspliktene tok han så m.a. på nytt til å arbeide med den gamle nordiske litteraturen, og etter søknad fekk han stønad frå Kongen til ei reise til England for å leite etter utrykte handskrifter i dei engelske biblioteka. Dette førte med seg opphold i England både i 1829, 1830 og 1831.

Det som i denne samanhengen har størst interesse, er ikkje det han fann i biblioteka, men det han opplevde av engelsk samfunnsliv, som på denne tid bar sterkt merke av tiltak og aktivitet på så mange område, særleg i næringsliv og handel. I det engelske folket fann han vilje til hardt arbeid, pågangsmot og tru på framtida. Ikkje minst gjorde den engelske industrien inntrykk på han, og all denne livlege verksemda såg han etterkvart på som eit utslag av "Nordens Kæmpeaand",

og vart sterkt oppglødd for desse draga i det engelske samfunnet. Kontrasten til hans eige land kom til å stå klart fram, der lite øg ingenting skjedde, der det meste såg ut til å ligge i daudvatnet.

Årsaka til denne store skilnaden i samfunnslivet meinte han var å finne i ulik grad av fridom i dei to landa. Det var den personlege og samfunnsmessige fridomen i England som han såg som føresetnaden for den store aktiviteten og pågangsmøtet. Erkjenninga av dette, saman med det store vendepunktet som møtet med Clara Bolton kom til å representer, gjorde at Englandsreisene for all ettertid kom til å ha avgjerande innverknad på Grundtvigs livssyn i det heile. Kaj Thaning har påvist korleis denne endringa gav seg uttrykk så å seia på alle felt i Grundtvigs mangesidige seinare innsats.

I denne perioden hadde han ein enorm produktivitet, som gav seg utslag i ei rekke av hans viktigaste verk: "Nordens Mytologi" (1832), "Haandbog i Verdens-Historien", b.I og II (1833 og 1836) og "Sangværk til den danske Kirke", b.I (1837). Dertil kom så ei lang rekke andre skrift, m.a. folkehøgskuleskriftene "Det danske Fiirkløver" (1836), "Til Nordmænd om en norsk Høi-Skole" (1837) og "Skolen for Livet og Academiet i Soer" (1838).

"Mands Minde"-foredraget føyer seg naturleg inn som ein del av arbeidet hans med å gjera kjent tankane sine om folkeleg opplysning som eit middel til ei etterføding i "den nordiske Kæmpaeaand". Men til skilnad frå tidlegare får han no høve til å stå på talarstolen, bruke "den levende Røst", som han gav så langt høgare rang enn "Pen og Blæk".

#### "Mundens Tronbestigelse".

Foredragsrekka vart gjennomførd i tida frå 20. juni

til 26. november. Bortsett frå eit opphald i juli/august heldt han foredrag tre kveldar i veka, i alt 51 gonger. Ei av årsakene til at desse foredraga kom i stand, var fleire oppmodingar frå ei gruppe yngre akademikarar. I spissen sto P.C. Kierkegaard, seinare biskop, og Frederik Barfod, seinare historisk forfattar og politikar. På denne tid var dette unge menneske utan nokon særleg posisjon i samfunnet(1b). Dei hadde eit sterkt ynskje om at Grundtvig no måtte halde offentlege førelesingar over samtidshistoria. Då han framleis var under sensur, ville han ikkje tala så lenge den sto ved lag. Han såg det slik at så lenge styresmaktene fann det nødvendig å binde pennen, så måtte det vera endå meir nødvendig for dei å binde munnen, for den kunne han bruke langt friare, lettare og kraftigare. Han søkte difor om å få bli friteken for dette bandet, og meldinga om at sensuren ville bli oppheva, fekk han i julehelga 1837. Men då han ikkje hadde skaffa seg nokon akademisk doktorgrad, måtte det til særskilt løyve for å få halde slike førelesingar. Han søkte om dette 7. mai (2), og 18. juni låg svaret føre (3).

I søknaden til Kongen om løyve til å halde desse foredraga syner han til den støtte Majesteten tidlegare har gitt til hans "Historiske Videnskabelighed" og no kjem han med "Bøn om Leilighed til at gøre den lidt mere frugtbringende, end den hidtil har været!" (4). Dei førelæsingane som studenterne har bede han om å halde, vil han gjerne få framføre offentleg, fordi han meiner det kan vera med på "baade til at vække lidt mere Deeltagelse i den Nordboerne fordum saa kiære og velbekiendte Historie, og til derhos at beriktige endeel af de phantastiske Forestillinger om Menneske- og Borger-Livet, der kun er altfor gängse" (5).

Den 20. juni 1838, på dagen 50 år etter at "Stavnsbaandet" vart oppheva i Danmark, heldt han så det første foredraget. Det var ikkje særleg mange tilhøyrarar ut over dei som sto bak oppmodinga til han (6), men talet auka snøgt, og ved foredraget den 17. oktober var, etter det eit referat i Kjøbenhavnsposten fortel (7), alle sitjepllassar opptekne ein halv time før foredraget tok til, og det måtte stå folk langt ut i trappeoppgangen. Forsamlinga vart sterkt gripen av foredraget, og då han var ferdig, byrja den store forsamlinga spontant å synge Grundtvigs vise til sjøhelten Willemoes, "Kommer hid I Piger smaa", til Weises melodi. "Den folkelige fællessang blev saaledes født af et vellykket retorisk aptum", seier Jørgen Fafner (8). Ved den siste forelesinga 26. november, var auditoriet fullt nesten ein time før foredraget skulle ta til, og det skal ha vore bortimot 660 tilhøyrarar i alt. (9).

Etter dette siste foredraget vart det framført dikt og sungne songar som var skrivne for høvet, m.a. av den 20-årige H.V. Kaalund,- forfattaren, og Fr. Barfod. Det var taler av den same Barfod og F. Hammerich, seinare historikar og teolog, som både i sterke ordelag gav uttrykk for den opplevinga det hadde vore å høyre desse foredraga (10). Og referenten i Nordisk Kirketidende vonar "at den levende Deeltagelse, disse Forelæsninger fandt, vil være en rig Opmuntring for Pastor Grundtvig til snart igjen at holde en Række af Foredrag, et Foretagende, som ingen kan tvivle om vil blive mødt med Almindelig Velvillie" (11).

Desse 51 forelesingane på så stutt tid kravde ein sjeldan stor arbeidsinnsats etter det han sjølv fortel. I brev til Ingemann i slutten av juli (12) klagar han over at det har vore vanskeleg. Løyvet til å halde desse foredraga kom

svært seint, og då han skulle til å setja i gang for alvor, "fandt jeg det baade for den historiske Vankundigheds og for det borgerlige Selskabs Skyld nødvendigt at begynde med den nyeste Historie eller med hvad der er sket i Mands Minde". Denne delen av historia har han i det heile forsømt og i grunnen ringeakta, seier han, og difor må han gå grundig til verks, ikkje minst når det gjeld historia til den franske revolusjonen, som han syns har vore därleg handsama hittil. Han treng all den tid han kan få for å ha noko å gå på når ferien er slutt, "da jeg mellem os sagt var nær ved at fortvivle, inden jeg naade den, dels fordi der var saa meget at læse, og dels fordi min Hukommelse ikke vil staa mig nær saa godt bi som i Ungdommen, hvad der ved historiske Foredrag, som ej maa være Oplæsninger og skal være ordentlige Fortællinger, er en stor Forlegenhed".

I brev til P.A. Fenger i slutten av august (13) kjem han også inn på dei vanskane han har: "Endelig kom Opfordringen til historiske Forelæsninger og Tilladelsen, i 30 Aar mit Ønske, men nu, for det Første, en stor Byrde, deels fordi min Hukommelse tager af og deels fordi jeg saae, der maatte begyndes med den nyeste Historie, hvortil jeg var mindst forberedt. Ferierne har jeg maatte[t] læse og paa Fransk, vil Gud, begynder jeg atter paa Mandag og ønskede jeg var færdig, men det gaar ikke saa hurtig". Likevel vil han ikkje gi opp: "naar kun vor Herre vil give Mod og Kraft til Udførelsen, da kan jeg ikke angre Besværigheden, thi et levende Foredrag over den nyeste Historie maa nødvendig vække og nære den Deeltagelse i de store Begivenheder, uden hvilken al Skrift om dem og Forklaring af dem er spildt".

Den veldige interessa som dessse foredraga vekte, gledde Grundtvig stort. Ikkje minst var han glad for at så mange

unge møtte fram. I eit nytt brev til Ingemann dagen etter siste foredragskvelden seier han det slik: "Og nu, min Ven! jeg véd du glæder dig med mig, at Prøve-Forelæsningen løb saa lykkelig, over al Forventning lykkelig, af, at de gamle, den begyndte med, til Slutning aldeles forsvandt i Flokken af de unge og de yngste; saa nu er det soleklart bevist, at det er blot et frit og levende, nogenlunde naturligt og hjærteligt Ord, den danske Ungdom, selv efter at ha været i den Sorte Skole, trænger til for at vaagne i Nordens Aand ved Danmarks Hjærte. Hvad vilde der da ej kunde udrettes i Sor med den uforskruede og forholdsvis ufordærvede, natrige Ungdom!" (14)

Det store gjennombrotet som "Mands Minde"-foredraga representerte for Grundtvig som folkeleg foredragshaldar var dess meir gledeleg som eit slikt resultat ikkje utan vidare kunne seiast å vera gitt føråt. Han hadde sidan 1826, då han la ned prestebetet, levd mellom bøker, som ein eremitt, som han sa, "i de dødes Rige". Bøkene han gav ut i 30-åra "sædvanlig modtoges med Dødens Stilhed" (15) og han var personleg isolert frå heile det offisielle lærde og dana miljøet i Danmark.

Tidlegare hadde J.L. Heiberg gjort ein freistnad på noko liknande, men hadde mislykkast heilt. Han hadde i 1833 offentleggjort ei innbyding til ei forelesingsrekke i filosofi "for Herrer og Damer". Men det kunne ikkje bli noko av det, då det melde seg berre 16 deltagarar, "og det var kun en manager Trøst for Planens Ophavsmand, at der blandt dem, der hadde meldt sig, var saa gode Navne som Madvig, Tscherning og Oberstløjtnant Abrahamson" (16).

Med "Mands Minde"-foredraga gjekk Grundtvig inn i ein ny periode i livet sitt, når det galdt å nytte talarstolen for

å nå fram til andre menneske med det han hadde på hjarta.

"Med disse Foredrag i 1838 brødes Isen, som siden aldrig lagde sig om hans Tunge", seier Svend Grundtvig (17). Året etter, i 1839, vart han innsett som prest i Vartov, der han preika så godt som kvar einaste helgedag så lenge han levde. Og ut over dette vart det ei lang rekke talar og foredrag. Her kan vi m.a. nemne "Dansk Samfund", skipa i 1839, der han i åra framover var den fremste foredragshaldaren. I 1843-44 hadde han ei foredragsrekke over gresk og nordisk mytologi, som vart utgitt under tittelen "Brage-Snak". I 1843 og 1845 heldt han foredrag i Skandinavisk Selskab, både utgitt. I 1853-54 heldt han ei rekke foredrag om "Højnordens Historie" i Dansk Forening. I 1861-63 hadde han kyrkjehistoriske foredrag, trykt i "Kirke-Spejl" i 1871 og 1876. Elles tala han ved svært mange ulike høve. Av dei mest kjende talane hans er den han heldt på Skamlingsbanken i 1844. Ein må også ta med talane han hadde i den danske Rigsdag i åra mellom 1848 og 1866.

I ettertida har det frå mange kantar vorte lagt vekt på at Grundtvig med desse foredraga innleidde ein ny epoke i dansk kulturliv, der det såkalla "folkelige foredrag" kom til å spela ei viktig rolle i folkehøgskulen og rundt omkring i forsamlingshusa i alle deler av landet.

I boka si "Tanke og Tale. Den retoriske tradisjon i Vest-europa" (utgitt 1982) set Jørgen Fafner opp det han kallar "tre notable begivenheder" i foredragshistoria i det nittande hundreåret: Det er førelesingane til Henrik Steffens i 1802, Grundtvigs "Mands-Minde"-foredrag i 1838 og Georg Brandes sine førelesingar over "Hovedstrømningerne" i 1871. Av desse tre høgdepunkta er Grundtvigs nok det mest glansfulle, slår han fast, for med det grunnlegg han det folkelege foredraget og gjer tankane sine om det levande ordet til røyndom (18).

"Mands Minde"-tekstene.

Manuskripta til "Mands Minde"-foredraga vart utgitt i 1877 av Svend Grundtvig - på Karl Schønbergs Forlag i København - med tittelen "Mands Minde 1788-1838. Foredrag over det sidste halve Aarhundredes Historie, holdte 1838 af Nik. Fred. Sev. Grundtvig".

Utgjevaren har skrivi eit forord, s. V-XX. Deretter kjem sjølve foredraga, s. 1-504. Til slutt er det i eit tillegg, s. 505-596 teke med utkast til ein del foredrag.

I forordet blir det m.a. peika på at likevel om dette verket ikkje vart gjort ferdig til utgjeving frå forfattaren si eiga hand, og likevel om kjennskapen til det historiske stoffet kan hentast andre stader frå, så er det dei refleksjonane og synsmåtane som forfattaren knyter til stoffet som gir dette verket sin särlege verdi. Og det er nettopp desse delene av foredraga som er mest utførleg nedskrivne. Difor kunne det ikkje koma på tale å prøve å fylle ut det som mangla og setja det heile i den stand som ein kunne rekne med at forfattaren ville ha gjort det før det vart gitt ut. Utgjevaren ser det slik at "Opgaven kunde ikke være nogen anden end med størst mulig Troskab at gjengive, hvad der forefandtes, og at afhjælpe de mindre, formelle Mangler, som klæbede ved de foreliggende Udkast". Han understrekar at "Alle saadanne Ændringer ere dog foretagne med den største Varsomhed, og kun hvor de viste sig absolut nødvendige" (19).

Når det gjeld dei mange namna, årstala og datoane som finst i boka, så opplyser utgjevaren at han har "taget sig nogen større Frihed" for å få alt så korrekt som mogeleg. Det som utgjevaren ikkje opplyser noko om, er at han har utgitt alle tekstene i den rettskrivinga som var rådande på den tid boka vart gitt ut, den såkalla "Svend Grundwigske Retskriv-

ning". Registrator av denne delen av Grundtvigarkivet, SJ (Steen Johansen), er difor heller hard i sin dom over den hand-saminga som utgjevaren har gitt desse tekstene. Måten den er utført på "gør, set med vore øjne, bogen ubrugbar i filologisk henseende" (20).

Når det gjeld den metoden for redigering som Svend Grundtvig har brukt, så er det gjort greie for den i registranten, og etter vårt skjøn er ikkje dei uavmerka endringane som er gjort av ein slik karakter at dei treng å ha nokon vesentleg innverknad på bruken av tekstene i denne oppgåva. Å legge dei handskrivne manuskripta til grunn meiner vi ikkje er nødvendig med det formålet som denne oppgåva skal ha.

Det må også nemnast at Grundtvig sjølv like etter at han var ferdig med foredraga, hadde tenkt seg til å utgi dei. I Grundtvigarkivet finst ein "Fortale" på 4 sider, datert 29. november 1938. Dette forordet er korkje trykt eller omtala i utgåva frå 1877, og det kan vel berre ha den forklaringa at Svend Grundtvig på dette tidspunktet ikkje kjente til det.

I dette forordet legg Grundtvig m.a. vekt på at han no vil forklare den motseiinga som ligg i at han prisar munnen, talen, men likevel held fram med å skrive om det - også etter at foredraga er haldne. Dette er ikkje så merkeleg, meiner han, "thi at reise Ordet Mindes-Mærker er Pennen netop skabt og til i Mag at eftertænke hvad Man har hørt, er Skrift et i det Mindste hos os næsten uundværligt.Hjelphemiddel".

Det er vidare verdt å legge merke til at Grundtvig ikkje vil gi ut alle dei skriftlege studiane til foredraga han har halde. Han vil ta med berre det som gjeld Danmark, elles syner han til b. III av "Haandbog i Verdenshistorien" som skal koma. Grunnen til at han vil gi ut dette utvalet, er at han vil gi desse ugløymande timane på Borchs Kollegium eit

lite minnesmerke, "der vil være baade mine Tilhørere og mig fornøieligt at betragte". Boka skal ikkje gjera krav på å vera nokon skriven fedrelandshistorie, men berre ei minnebok. Tilhøyrarane hans "har .... gjort Saameget for at befæste Mindet hos mig, at det Mindste, jeg kunne giøre for ogsaa at befæste det hos Dem, er hvad man seer her" (21).

Svend Grundtvig meinte at grunnen til at Grundtvig ikkje fekk utgitt desse foredraga sjølv, var at han aldri fekk tid til å gjera dei ferdige til det bruk, m.a. fordi det som han under framføringa av foredraga utfylte med etter minnet, ville krevja mykje lesing på nytt att når det skulle få ei avrunda skriftleg utforming. Når så "Haandbog i Verdenshistorien" ikkje kom til å nå lengre fram enn det syttande hundreåret, er det vel forklarleg at han seinare gav opp å gjera noko meir ut av det.(22).

#### Tekst og tale.

Både den overlag store tilstrøyminga som det snart vart til desse foredragskveldane og utsegner frå dei som var tilstades, gjer det klart at Grundtvigs foredrag på Borchs Kollegium hadde ein heilt uvanleg sterk verknad på tilhøyrarane. Det er også klart at det her som nesten alltid der eit foredrag får ei retorisk vellykka framføring, ikkje berre var orda som vart uttrykte som gav denne verknaden. Her også var det, i tillegg til dei retoriske verkemidla som var innebygde i manuskriptet, andre faktorar som verka inn, som t.d. den personlege tolkinga gjennom stemmeføring, tempo, pauser og ikkje-verbale verkemiddel som mimikk og gestikulasjon, måten å stå fram på, kort sagt den samla personlege utstråling frå den som sto på talarstolen.

I Grundtvigs tilfelle må vi rekne med at vi i nokså liten grad kan få inntrykk av den framførde talen gjennom å lesa manuskriptet. Fr. Hammerrich, som heldt takketale siste kvelden, uttrykte det på denne måten: "See! derfor kan vi ikke andet end glæde os over hvad vi have seet, og over ham der har viist os det, og takke ham for hvert begeistret Ord, der gik ud af hans Mund og vakte vore slumrende Længsler, for al hans Tale med Ild og med Aand, for alt det Herlige, der udtaler sig gjennem ham, som en Arv fra vore herlige Fædre. - Derfor skal de Timer, vi have levet her med ham, henrevne ved hans begeistrede Ord til at dele hans Syner, blive os uforglemelige!" (23)

Svend Grundtvig gir denne generelle karakteristikken av forholdet mellom dei skrivne talane og det som vart framførd: "Men aldrig ville dog Grundtvigs skrevne Taler kunne meddele Indtrykket af hans Veltalenhed, der væsentlig bares af hans storslaaede Personlighed, som mægtede paa en gribende Maade at udstrømme i lunefulde Skjæmt ikke mindre end i glødende Patos. Hvad der i hans Skrift kan synes sært og søgt, klang i hans Mund som det sande og simple Udtryk for hans Tanke og Stemning; - thi stemningsfuld, lyrisk var han altid, naar han var i Aande" (24).

Når det gjeld desse foredrag, meiner Svend Grundtvig at det berre er få av dei som ein kan rekne med ligg føre nokolunde i den same form og same omfang som dei har lydd muntleg. Han går ut frå at dei som kjem nærast, er dei 7 første, og så kanskje det 11., det 25. og det 37. foredraget. Han seier ikkje noko om kvifor han trur at det er desse som kjem nærast. Men felles for dei er at dei er meir fullstendige og avrunda i si språklege formulering enn dei fleste av dei andre, som har lengre eller kortare avsnitt som verkar som

hastig nedskrivne notatar, svært ofte berre i form av stikkord.

Det ligg føre eit referat av eitt av foredraget, nr. 34, halde den 17. oktober. Referatet står i "Et Brev til Kjøbenhavnspostens Redaktør" og er skrivi av Frederik Barfod. Han understrekar der i ein merknad at så gjerne han ville, er det umogeleg for han å påstå at han nokon stad i referatet verkeleg har kome med nokon attgjeving av Grundtvigs ord. Vi må vel likevel ha lov til å gå ut frå at om han ikkje har fått med seg alle moment i Grundtvigs foredrag, så vil ei samanlikning kunne syne om han har med moment som ikkje står i foredragsmanuskriptet. Desse momenta må då ha kome til under framföringa av foredraget.

Det som referatet av foredraget 17. oktober syner (25), er at det har kome til eit større innleiande avsnitt, der Grundtvig "med levende Begejstring" skildrar korleis danskane også i dei vanskelege åra 1807-14 hadde hatt hjarta på rett stad. Om tyskarane hadde hatt aldri så mykje rett når dei påstod at danskane hadde mista hovudet, så var det likevel vokse ut att, og det var ikkje noko därleg vitnemål om ein sunn og kraftig konstitusjon.

Referatet har også med ei levande skildring av ymse viktige hendingar frå krigen, m.a. kampen ved Sjellands Odde, der Willemoes, helten frå Kongedybet, mista livet. I manuskriptet er alt dette teke med berre i stikkords form, bortsett frå Grundtvigs dikt "De Snækker mødtes om Nat paa Hav", og 4 liner av diktet hans om Danmarks Najas.

Dei andre momenta som referatet har med frå foredraget finst også i manuskriptet.

I dette tilfellet ser ein då at Grundtvig ikkje kan ha følgt manuskriptet, og då kan ein vel endå mindre rekne med

at han har gjort det i alle dei foredraga der manuskriptet er langt kortare og meir ufullstendig enn her.

Det som ein då heile tida bør ha for auga når ein les "Mands Minde", er at dette er tekster som syner korleis Grundtvig formulerte seg skriftleg som førebuing til foredraga. Om tekstene ikkje på nokon måte kan gi eit pålitleg inntrykk av det som vart sagt i foredraga, så har dei likevel ein verdi som eit uttrykk for korleis Grundtvig på eit visst tidspunkt under førebuinga forma tankane sine i samband med ein gjennomgang av den delen av historia som han sjølv hadde opplevd. Såleis bør "Mands Minde" kunne lesast og brukast på same måte som andre utkast og førearbeid som Grundtvig har etterlate seg.

### Formålet.

Formålet Grundtvig har med å halde desse foredraga kjem fram både i dei endelege manuskripta og i utkasta: Han ser på seg sjølv som ein halvgamal mann, med "en særegen Betragtning af Menneske-Livet" og denne ynskjer han "at levende forplante eller dog oplive og udvikle" hjå sine yngre samtidige, som etter naturens orden "dels selv skal udgjøre og dels udvikle den Efterslægt, Menneske-Aanden i ethvert af sine skrøbelige Redskaber maa kalde sit Haab og sin Alderdoms Støtte" (26).

Og det er først no, "under graa Haar", at han skal til å føre ordet om sin ungdoms kjærleik, 30 år etter at han vakna i den "universalhistoriske Anskuelse af Menneskelivet", som han alt den gongen hadde ein brennande lengt etter å vera talsmann for overfor jamaldringane sine, ikkje berre med pennen, men med levande røyst. Men det er først no han har fått høve til å tala. Og det å tala til ungdomen, det kjennest no som "et pinligt Forhør paa Gravens Bred" og som han skal opp til eksamen på sine gamle dagar, "en saadan store Filologikum"

Han understrekar at han ikke har valt seg ut den delen av historia som han har elsket mest og arbeidd mest med, men tvert om den delen som han lenge har miskjent og forsømt. Det har han gjort fordi det er den som ligg nærmest og difor har "det gyldigste Krav paa almindelig Opmærksomhed og [giver] den klareste Oplysning om Menneske-Livet, som vi alle dele det" (28).

Det Grundtvig vil med desse foredraga er såleis noko meir enn det å halde ei førelesingsrekke i faget historie. Han ynskjer ikke noko mindre enn å formidle "en særegen Betragtning af Menneske-Livet". Formålet med denne oppgåva er så å prøve å gjera greie for nokre viktige sider ved denne "Betragtning", slik som den kjem til uttrykk i "Mands Minde".

## II. "Den universalhistoriske Anskuelse"

### Bakgrunn.

"Forklaringen af Menneskelivet i alle dets naturlige og historiske Forhold er det ophøjede Maal, som adler Viden-skaben og forener alle lige fra Matematikeren til Poeten, lige fra Ord-Sanker til Tanke-Samleren, og dens Maal maa være en universalhistorisk Skuen af Menneske-Livet i hele dets Fylde" (1)

Det var denne universalhistoriske forståing av menneskelivet som var målet for Grundtvigs arbeid med historia, og i dette tilfelle også med dei 51 forelesingane han hadde på Borchs Kollegium i 1838. Grunnlaget for denne forståinga av den historiske utviklinga var bygd på erfaring. "... det faldt ham ikke ind at det skulde være muligt ved spekulationer at konstruere et sandt billede af virkeligheden", seier William Michelsen (2). Ein forstår ikkje livet lengre enn erfaringa når. Men det enkelte menneske er ikkje bunden til si eiga erfaring åleine, men kan dra nytte av dei erfaringane andre menneske har gjort i fortida og i samtidia, og som dei har uttrykt i skrift eller tale. Det er denne erfaringa vi møter i historia. Difor må vegen til forståing av menneskelivet alltid gå gjennom historia. For Grundtvig var historia den einaste samme vitenskapen om menneskelivet. Men historia er dunkel, og det trengst skaldar og sjåarar som kan tyde det som historia seier. Klårleiken, den er målet som vinkar der framme, ikkje utgangspunkt eller støttestav på vegen, meiner Grundtvig.

"Bygningen er som Aladdins Palads, der aldrig faar sit sidste Vindue føjet til. Thi den endelige Klarings naas ikke ud fra Deelene, men forstaas kun i den Gud, som er Lysenes Fader, og som dog bor i det dunkle" (3).

Som tidlegare nemnt (s.1) kom Englandsreisene 1829-31 til å få avgjerande innverknad på Grundtvigs livssyn. Inntrykka frå desse reisene, saman med lesing av kyrkjefaderen Ireneus, gjorde at han for alltid kom til å forlata den lutherske bokskistendomen, der menneskelivet vart sett på som ei pilgrimsvandring. Livet på jorda var berre som ei prøvetid, ei førebuingstid til livet etter døden, som var det eigentlege livet. Menneskesjela var ein framand i verda, og ho skulle fri seg frå alle jordiske band for å nå fram til det evige og bli salig der.

Dette nye synet kom også til å få store følgjer for synet hans på historia. På eit tidlegare tidspunkt, t.d. i verdenskrøniken frå 1812, som han forsynte med mottoet: "Riget og Magten og Åren er Guds i Evighed" (4), sette han heile det historiske forløpet inn i ein kristen samanheng. Han er overtydd om at "Kristus er Tidernes Midtpunkt og Sammenheng" (Hal Koch). Historia syner at all sann dygd spring ut av trua på den krossfeste, og det er denne trua som avgjer om ånden gjenom tidene skal sogne inn eller vakne opp, krafta bli bortøydd og fornya, statane falle og reise seg. Det er kristen-trua som er hjarteslaget i krøniken, og samstundes vitnar denne krøniken om kristendomen si forunderlege evne til stendig å fornye seg.

Kaj Thaning kallar det som skjedde omkring 1830 "Omvedelse til Virkeligheden" (5). I innleiinga til "Nordens Mytologi" 1832 legg Grundtvig fram dette nye synet sitt, etter at han i utkast etter utkast har arbeidd seg fram mot ei avklaring. Han har for alvor oppdaga verdien av det naturlege menneskelivet. Det er ein del av skaparverket og har sin fundamentale verdi i seg sjølv - også utan kristendomen. Den er for Grundtvig ikkje lenger nokon norm for korleis samfunnet skal

innrettast. Kristendomen skal vera "noget aldeles frit og uberegneligt", som ikkje skal brukast i nokon ideologi eller i noko system (6). Difor er det ikkje som kristen forkynnar at Grundtvig talar om historia heretter, men det er som profanhistoriker og samfunnsborgar han no vender seg til samtida - ut frå si historiske erfaring.(7).

Eit konsentrert uttrykk for Grundtvigs nye syn på mennesket finn vi i desse formuleringane frå "Nordens Mythologi", og dette var eit syn som han kom til å halde fast på heile tida seinare:

"....Mennesket er ingen Abekat, bestemt til først at etterabe de andre Dyr, og siden sig selv til Verdens Ende, men han er en mageløs, underfuld Skabning, i hvem Guddommelige Kræfter skal kundgiøre, utvikle og klare sig giennem tusinde Slægter, som et Guddommelig Experiment, der viser hvordan Aand og Støv kan giennemtrænge hinanden, og forklares i en fælles guddommelig Bevidsthed" (8).

I desse grunnleggjande påstandane kan vi merke oss følgjande punkt:

Mennesket er gudskapt. Det har ein eineståande plass i skaparverket, vesensforskjellig frå dyra. Det har dimensjonar som fornuften ikkje kan gripe ("mageløs, underfuld"). Vidare har det i seg guddommelege krefter som skal utviklast og stå klart fram ettersom tida går ("giennem tusinde Slægter"). Denne prosessen er ikkje gitt på førehand, den har karakter av eit eksperiment, som skal syne korleis to forskjellige element, støv og ånd, kan gå saman og til slutt stå forklara fram i det han kallar "en fælles guddommelig Bevidsthed". Med andre ord: Grundtvig har eit mytisk-religiøst syn på det historiske forløpet. Det er Gud sjølv som eksperimenterer.

"Den vidunderlige Kjæde".

Når Grundtvig i "Mands Minde" talar om sitt syn på historia, så har han heile tida for auga at dei historiske hendingane går før seg i eit tidsforløp som både har ei byrjing og ein slutt, "Tidens Ophav og dens Ende", eller som han seier det med biletet frå mytologien: "fra Legen med Guldæring paa Ida-Slettens lysegrønne Tavlebord til den evige Sejersfest i det gultakte Gimle" (9).

Denne sterke understrekkinga av at det historiske forløpet er ein samanhengande og avslutta heilskap, fører til at kvart enkelt tidsrom ikkje kan sjåast isolert. Det ber i seg både fortida og framtida, som "levende sammensmelte med det nærværende øjeblik, ja, sammensmelte i det som Mindet og Haabet i den nordiske Kæmpenatur" (10). For vidare å understreke det organiske i denne samanhengen talar han om "de forbigangne Dage som de nærværendes Mødre". Men samanhengen verkar også i den andre retninga: "de forbigangne Dage" er også "de tilkommendes Spejl". Det vil seia at framtida kan sjå seg sjølv og kjenne seg att i fortida.

Dette fører til at det historiske forløpet får ein indre einskap som han karakteriserer på denne måten: "den vidunderlige Kjæde, som ikke blot udvortes men også indvortes forbindelse Slægterne i Tidens Løb, de sidste med de første" (11). Ei rimeleg tolking av denne formuleringa kan vera at det ikkje berre er på det ytre, kausale plan at samanhengen er tilstades, men at det også i den menneskelege opplevinga, reflektert eller intuitivt, kan kjennast ein samanheng.

Grundtvig meiner likevel å sjå ulike fasar i det historiske forløpet. Han seier at erfaringa har lært han at heilskapen er underkasta dei same lovane som dei delane heilskapen er samansett av. Sagt med andre ord, så vil dei epokane

som individet sitt liv er inndelt i også gjelde for heile menneskeslekta sitt livsløp. I det enkelte mennesket sitt liv finn vi først ei ungdomstid, då fantasien og draumen om framtida rår grunnen. Deretter kjem manndomstida med dei sterke kjenslene som drivkraft. Og til slutt alderdomen, der forstanden, ettertanken og attersynet på fortida er det typiske (12).

Ut frå denne tankegangen deler han historia inn i tre hovudepokar: "Oldtiden", som er fantasien sin tidsalder, "Middelalderen", som er den tidsalderen der kjenslene er sterkest, og til slutt "Nyaarstiden", som er forstanden sin tidsalder.

Den same tredelinga meiner han også å finne i den historiske utviklinga hjå det enkelte folk (13).

Men det er ikkje alle folk som er like viktige i den historiske utviklinga. Det er fire "Hovedfolk" etter hans mening: hebrearane, grekarane, romarane og nordbuvarane. Dei hovudfolka som har fått evne til det han kallar "naturlig Tanke-Gang" ser han på som "Naturfolk". Desse folka skaper myter i si ungdomstid. Naturfolka er grekarane og nordbuvarane (14). Hebrearane og romarane er "Konstfolk". Hebrearane vart "med vidunderlig Konst" gjort til eit særskilt gudsfolk. Romarane var "Røver-Folket" og hadde som sitt einaste mål "underkuelsen af alle Naturfolkene" (15).

Tanken om samsvar mellom aldrane til det enkelte mennesket og dei historiske aldrane er ikkje Grundtvigs eigen. Så tidleg som i det 2. h.å. e. Kr. var tanken sett fram av romaren Florus, og teke oppatt av seinare forfattarar. I skolastikken kom det fleire skrifter som bygde på tanken til Florus (16).

Grundtvig er viss på at han sjølv lever ved inngangen til forstandsalderen, "Nyaarstiden". Det er ikkje berre eit

nytt hundreår som er kome. Det er eit nytt tidsrom som har opna seg, ein tidsalder som skal likne langt meir på den gamle tida enn på den tidsalderen som ligg mellom. Han har i det heile dei største voner til den tida han no går inn i. Då skal det opplevast at "alt, hvad der skinnede i Oldtiden, vil, saavidt muligt, hæve sig som en Fønix af sin Aske, fuldføre og forklare sit Levnedsløb" (17). Det nye tidsrommet er eit tidsrom med manglar og lyte som alle andre, men det vil likevel vera til beste for det "levende og folkelige", i like høg grad som det førre tidsrommet, "Middelalderen" var ein fiende av det. Grundtvig er ikkje redd for å slå fast alt i innleiingsførelsinga si at "Tidens Tegn i det store .... forkynde et nyt, livligt folkeligt og forholdsvis udmærket frit og fredeligt Tidsrum", - og han går så langt som til å bruke karakteristikken "en Lysalfe-Tid" (18).

Vissa om å vera i denne tidsalderen, gir Grundtvig grunnlaget for den ukuelege optimismen som gjennomsyrer heile denne foredragsrekka. Om vanskane kan synast aldri så store, så har han likevel sett tydelege teikn på at "Bladet har vendt sig".

#### "Nordens Kæmpaeaand"

Ånd er eit av dei mest sentrale omgrep hjå Grundtvig i det heile, og det er det også når han talar om historia. I "Mands Minde" er det først og fremst tale om ånd som eit fenomen innanfor det menneskelege fellesskapet. Han syner til at "Den engelske Almen-Aand" (public spirit) lenge har vore eit fast uttrykk i Europa, men meiner at dei fleste ikkje har gjort det klart for seg, ikkje ein gong engelskmennene sjølv, kva dette omgrepet står for. Dei som meiner dei veit noko om denne "Almen-Aænd" og veit kor langt England er kome, trur

nytt hundreår som er kome. Det er eit nytt tidsrom som har opna seg, ein tidsalder som skal likne langt meir på den gamle tida enn på den tidsalderen som ligg mellom. Han har i det heile dei største voner til den tida han no går inn i. Då skal det opplevast at "alt, hvad der skinnede i Oldtiden, vil, saavidt muligt, hæve sig som en Fønix af sin Aske, fuldføre og forklare sit Levnedsløb" (17). Det nye tidsrommet er eit tidsrom med manglar og lyte som alle andre, men det vil likevel vera til beste for det "levende og folkelige", i like høg grad som det førre tidsrommet, "Middelalderen" var ein fiende av det. Grundtvig er ikkje redd for å slå fast alt i innleiingsførelesinga si at "Tidens Tegn i det store .... forkynde et nyt, livligt folkeligt og forholdsvis udmærket frit og fredeligt Tidsrum", - og han går så langt som til å bruke karakteristikken "en Lysalfe-Tid" (18).

Vissa om å vera i denne tidsalderen, gir Grundtvig grunnlaget for åen ukuelege optimismen som gjennomsyrer heile denne foredragsrekka. Om vanskane kan synast aldri så store, så har han likevel sett tydelege teikn på at "Bladet har vendt sig".

#### "Nordens Kæmpaeaand"

Ånd er eit av dei mest sentrale omgrep hjå Grundtvig i det heile, og det er det også når han talar om historia. I "Mands Minde" er det først og fremst tale om ånd som eit fenomen innanfor det menneskelege fellesskapet. Han syner til at "Den engelske Almen-Aand" (public spirit) lenge har vore eit fast uttrykk i Europa, men meiner at dei fleste ikkje har gjort det klart for seg, ikkje ein gong engelskmennene sjølve, kva dette omgrepet står for. Dei som meiner dei veit noko om denne "Almen-Aand" og veit kor langt England er komen, trur

at denne ånden anten ligg i lufta, "i Porter, roast-beef og potatoes, eller at den udspringer som en Maskin-Gud (deus ex machina) av Maskineriet i den engelske Statsforfatning" (19). Denne villfaringa står også engelskmennene sjølve i. Grundtvig understrekar at han har eit anna syn på dette, og dette synet lovar han at han vil kjempe for med alle dei våpen han har.

Det Grundtvig forstår ved omgrepene "Almen-Aand" er følgjande: Den er ei usynleg livskraft som i større eller mindre grad er felles for alle dei som har det same språket, har same morsmålet. Det er ei livskraft "hvis Element er fri Virksomhed og hvis Aandedræt er Modersmaalet...". Dersom denne forståinga er rett, hevdar han, så har ein forklaringa på kvifor folka vart åndlause då dei miste fridomen sin og så godt som gløymde morsmålet sitt. Men dermed er det også klart kva for ein veg dei må gå om dei vil yngjast opp att på sine gamle dagar, og om dei vil vinne makt til å likne seg sjølve slik dei har vore i sine beste stunder. Det er det høgaste nokon kan nå her på jord, det vera seg eit folk eller det einskilde mennesket.

Det som er livskrafta i dei nordiske folka, er "Nordens Kæmpeaand", den ånd som han har funne i dei nordiske mytene og i den gamle nordiske historia. Han viser i denne samanhenget til "Nordens Mythologi" fra 1808 og "Opchin af Nordens Kæmpeliv" fra 1809 og 1811. Der har han i litterær form lagt ned ein påstand, seier han, "paa Kæmpe-Aandens Vegne i det gamle Norden". Same påstanden legg han no ned muntleg: "at denne Aand har utabelig Ret til at raade i Norden og agter for denne sin Ret at føre et Kraft-Bevis, som man skal nødes til at lade gjälde" (20).

Grundtvig vedkjenner seg i det heile å stå i stor gjeld

til dei nordiske mytene. "Det gamle Nordens Billedsprog" vart levande i han før han sjølv visste om det. Og dette bletspråket er sjølve skaldeåra hans, seier han, men det er også kjelda til hans "verdenshistoriske Anskuelse og Granskning" og til det han måtte ha, eller koma til å få, av historisk "Vidskab" (21).

Han stiller spørsmålet om ikkje ånden eller livskrafta i den engelske verksemda kan vera den same som i Norden, nemleg "den fordum velbekjendte, ·vidt berømte, mageløse, nu miskjendte eller glemte Nordens Kæmpe-Aand" (22).

Dersom det er sant, då meiner han at det er eit rimeleg håp at "vort Nordens Aand" vil reise seg også der han høyrer heime, i same grad som morsmålet stig til dronningstolen sin. Og då vil England kjennast ved denne ånden "som en forloren Søn ved sin ærværdige Fader" (23).

Når Grundtvig er i England, så har han ei klar kjenskelse av å vera på "Kæmpeaandens Enemerker". Når han ser dei store fabrikkane, eller dei store skipa, så ser han verknaden, ikkje berre av dei veldige kreftene som ligg løynd i naturen, han ser også verknaden av krefter i mennesket, "Falkesynet, der opdagede det skjulte" og "Vidskaben, der satte de store Natur-Kræfter i Bevægelse til velberegnede Virkninger, nødte den vildeste og frygteligste af alle Naturkræfter, som Ilden er, til i en forbavsende Grad at trælle og at kæmpe for Mennesket" (24).

Han forstår seg lite på "det engelske Maskinvæsen", men han kan ikkje vera ærleg dersom han ikkje erkjenner at han er nøydd til å slutte frå dei sterke verknadene til dei store årsakene, "fra Dampmaskinenes tusendfoldige Hestekraft til menneskelig Storhed og til Nordens Kæmpe-Aand hos Opdagerne" (25). Han som har forakta mekanikk og matematikk må erkjenne

då han står i den larmande fabrikkhallen at "alle de Hammere er dog Stumper af Mjølner", som han likar så godt, "den vidunderlige Torshammer, der for et Par Aartusender siden sprang i Stykker paa de haarde Jættepander" (26). Han torer ikkje lenger bryte staven over "den engelske Windskibelighed , som et kolossalsk Bevis paa Aandløhed" (27). Han kjenner seg tvert om nøydd til å beundre den "Kæmpe-Aand" som kan skapa paradis i ørken, og som kan gjera matematikken, den mest tomme og døde av alle våre kunnskapar til "en mageløs Spore for levende Virksomhed og til en Løftestang for, hvad der falder selv Kæmpers forenede Hænder for svært" (28).

Men han seier seg lei for at "Nordens Kæmpe-Aand" ikkje gjer betre og endå større ting enn dette i "Aandens Sprog", og han seier seg lei for at denne verksemda nesten alltid går ut på rein gevinst, utan å bry seg om midla. Likevel er dette betre enn at det ikkje skjer noko. "Saa længe nemlig Folke-Aanden gjør Kæmpe-Skridt, er den unegtelig på Benene" - og så lenge den gjer storverk, er den i si kraft. Og endå om alle kjempesteg var feilsteg og alle storverk farlege vågestykke, så er livet langt betre enn døden, krafta useieleg meir verd enn avmakta. Så lenge det er liv, er det håp. - Og så lenge det er kraft, så kan eit folk når det får større opplysning, rette feila sine og leva vidare (29).

Han vonar at England snart vil bli klar over at det er på galne vegar når det ofrar menneske i hundretusenvis til maskineriet. Då vil den same "Kæmpe-Aand" som har skapt maskinene anten gjera dei til inkjes eller setja dei på tenarplassen i forhold til mennesket.

Dersom England og Norden kunne sameinast på nytt i denne ånden og slå kreftene sine saman for å ære "Nordens Kæmpeaand", då ville det vera store voner om dåd i den nærmaste framtid.

Då skulle England og Norden syne verda at der denne ånden høynde heime, der var det ikkje noko barbari der ein drakk blod av hjerneskallane til fiendane sine, som mange trur. Men det var eit Valhall der ein gjerne drakk forlik i vin og mjød med kvar edel motstandar. Og når ein kjempa der, så var det berre for å prøve styrken og øve seg til den store striden som eingong skal koma, striden for "riktigt Guld og grønne Skove i det guldtakte Gimle og det grønne Gudhjem!" (30)

Grundtvig tek sterkt til motmåle mot det synet han har vorte tillagt og som gjekk ut på at han ville ha folk til på nytt å bøye kne for Tor Øg Odin - eller i alle fall å bannlyse kunst og vitskap og klassisk daning, fordi slikt ikkje fanst i gamle Nord. Ei slik holdning kan ikkje etter hans meining sameinast med "den universalhistoriske Anskuelse" som han alltid fann i den nordiske mytene. Det han heile tida har vilja, er å gjera sitt til ei levande og naturleg daning, som gjer at vi strevar etter å bli det største og beste vi har anlegg til og kan lykkast med. Det ville vera dårskap å trosse vår nordiske natur og åndeleg forvandle oss sjølve til grekarar eller romarar, franskmenner eller tyskarar, seier han. Det einaste kloke for eit folk er å leva og virke i sin eigen, særeigne ånd og berre streve etter å tileigna seg så mykje av det store og gode ein finn hjå dei framande som kan sameinast med denne ånden (31).

Den store motstandaren til "Nordens Kæmpaand" er den latinske kulturen, "den romerske Røver" som "i sin keiserlige Højhed og i sin pavelige Hellighed" gjennom historia har tyrannisert folkekulturane i Europa. Han minner om at han sjølv kasta seg inn i kampen mot Rom alt for 30 år sidan, og då mot "Skyggen af Rom i sin klassiske Renhed", altså den klassiske daninga som ideal for kulturen. I dag meiner han at han

kan slå fast at slaget er vunne, endå om det kan sjå ansleis ut. Det klassiske daningsidealet ser ut til å hælde stand, men det er også berre noko som ser slik ut. I røynda vart "Skyggen af Rom" borte med "den store Korsikaner", Napoleon. No er det England som har teke leiinga, og det lovar ikkje godt for "Latinen og den franske Uaand". Engelskmannen er "den naturlige Statholder for Nordens Aand: som Odins Søn med Jorden, den stærke, daadfulde Tor" har han no vunne herredømet, "vundet Spiret tilbage" (32).

Og dersom det er rett, som han trur, at Englands og Nordens ånd er den same, så vil også Norden kjenne att sin eigen ånd i det som skjer i England og legge vekt på i si frie verksemd å oppnå noko tilsvarande. England på si side vil kjenne att sin ånd også i det nordiske biletspråket og gjenom historisk vitskap tileigne seg dette, "og Daaden maa blive derefter saa vidt Kræfterne række, ved Sundet, ved Gøteborg og Dovre og, om ej ved Themsen, saa dog ved Humber" (33). Dette, seier han, er kjernen i hans historiske "Anskuelse" og kjelda til hans glade, faste håp dei siste 30 år.

- Han erkjenner at han tok feil då han trudde at han ved hjelp av arbeidet sitt med dei gamle bøkene (Saxo og Snorre) skulle kunne "gjenføde Nordens Aand". Han ser no at det ikkje er mogeleg å "virke levende med døde Ting". Skrifta er berre skugge og eit teikn for det levande, muntlege ordet. Og der som dette ordet enno har makt, og det veit han at det har, så vil det kunne vekke, oppmunstre og styrke. Han sjølv har merka at når tida er inne, og det er den no, så finn han, som tenkjer som forfedrane og talar som mor hans har lært han, atterklang overalt hjå sine eigne.

Difor er han viss på at når vi i Norden får like stor åndeleg fridom som dei har i England - i Danmark er det like

før dei får meir - så vil "Nordens Kæmpaeaand" i den nærmeste mannsalderen gjera framsteg som verda skal undre seg over (34)

### "Forklaring" - føremålet med historia.

Som det går fram av det tidlegare brukte sitatet frå "Nordens Mythologi" (s.17), så skal det "guddommelige Experiment" føre til ei forklaring i "en fælles guddommelig Bevidsthed". I "Mands Minde" kjem Grundtvig inn på det same. Livet og naturen blir levande etterfødde og forynga i kvart slektsledd. Gjennom ulik skapnad verkar dei heile tida i den same ånd og nærmar seg forklaringa ettersom tida går. Denne forklaringa er det menneskelivet siktar mot, og denne forklaringa er det difor menneskenaturen alltid lengtar etter (35).

Dette er historia si store oppgåve. Men for å kunne fylle denne oppgåva må historia bli det som den var hjå alle "Hovedfolkene" og særleg hjå våre forfedrar i Norden: Historia skal ikkje lenger likne ein penn som kryp bortover papiret, men den skal vera som ein fugl " der paa Ørnevinger sejler stolt over Tiderne, udspejder med Falkesyn de store Begivenheder og dvæler kun ved dem" (36). Som den bokormen han sjølv innrømmer at han er, så er han overtydd om at menneskeslekta si erfaring frå slekt til slekt aldri for nøye kan førast til boks. Det er ved granskning av denne erfaringa, ved eit grundig historisk studium at "Menneske-Naturen i hele sit Rigdoms-Dyb og Livs-Udviklingen i alle sine Retninger efterhaanden skal komme for Lyset: Mennesket lære at forstaa sig selv" (37).

Men den historiske vitskapen, som er viktig nok når det gjeld å slå fast kva som faktisk har hendt, og som kan kaste lys over ei stor hending og finne samanheng i rekkring av hendingar, den strekk ikkje til når ein skal nå fram til dei mange, fordi det vil vera etter måten få som har høve til å

lesa så mykje at dei såleis kan trenge inn i historia. Det kan berre ei muntleg forteljing av historia, ei forteljing som let vera å ta med det som berre dei lærde spør om, som går lett over det som er uvesentleg og "som forbinder det hele i én stor Personlighet" (38).

Han meiner at erfaringa lærer at om både "Nytten og For-nøjelsen" er like så forskjellig som menneska er ulike, så skaper den ei høgare og edlare førestelling om den menneskenaturen vi alle deler, og om dei store krefter den er utrusta med. Den skaper ei førestelling om dei vedunderlege omskiftingane og dei mange storverk eit einaste stutt, men verksamt liv kan utrette, og endeleg skaper den ei førestelling om det høge opphavet og det store målet som må høyre med til ein natur som er så herleg utrusta. Med andre ord: ei historie som lever, kan få fram minnet om dådfulle menneske og kan levandegjera tidlegare tiders storverk for oss. Den vil vekkje og den vil nødvendigvis utvikle tanken om det vidunderlege, det udøyelege og det guddommelege i menneskenaturen.

Grundtvig slår altså fast at oppleving av historia på denne måten vil overtyde menneska om dei mytisk-religiøse dimensjonane dei har. Så lenge forteljinga om menneskeleg storverk forplantar seg frå slekt til slekt hjå eit folk, så lenge vil vi alltid finne ei fast tru på at mennesket er i slekt med gudane, og at mennesket har eit kall til å vera udøyeleg.

Men dersom denne forteljinga blir borte, eller ikkje er levande lenger, då vil folket søkkje ned i det materielle (sit Støv) og gløyme eller tvile på alt det som lyfter oss over jorda og over augneblinken - oglivet blir deretter: "slæber sig gjennem Verden og finder, at Døden er i Grunden bedre end Livet, fordi de kjende kun Livets Farer og Livets

Møje, ikke dets himmelske Lyst og store, grænseløse Udsigter" (39).

Dette er ikkje nokon ny oppdaging, meiner han, dette har dei gáverike til alle tider kjent, og ingen stad har dei kjent det sterkare enn i Norden, der det både i dei mytologiske forteljingane, i skaldekvada, i dei islandske sogene og kanskje aller mest i Heimskringla, har kjent godt at det var "flittig og henrivende" tale om det store i fortida som skulle halde oppe sambandet mellom himmel og jord og vekkje etterslekta til å halde fram med verka til dei som hadde levd tidlegare, og på den måten saman med dei, streve mot det store felles målet, som er eit forklara liv og udøyeyelecære (40).

#### "Anskuelsen" og samtidia.

Grundtvigs "universalhistoriske Anskuelse", slik den kjem til uttrykk i "Mands Minde", har sine klare følgjer for synet hans på notida, den aktuelle historiske situasjon til kvar tid. Alt i den første førelesinga understrekar han at det ikkje er i tida eller i utviklinga vi skal gå tilbake, det er "kun i Aanden, kun i Betragtningen". Og føremålet med å gå attende på denne måten, er at vi då kan oppfatte menneskelivet og folkelivet i sine største og klaraste "Ytringer", slik at vi kan kjenne det att også i den veike og uklare form det har hjå oss sjølve og omkring oss. På den måten kan vi heile tida lære betre "at kjende og bruge de naturlige Midler, hvorved dette liv kan næres og styrkes, utvikle og klare sig hos os og de følgende Slægter" (41).

I fleire ulike samanhengar kjem han attende til at det er situasjonen her og no som er det altoverskyggande viktige. Den er ei utfordring som krev oss fullt og heilt: " Om det saa end var en grenseløs Ørk, fuld af glubende Dyr, - fremad

maa Folkene, og videre Menneskeslægten; saa hvem der vil staa stille, trædes under Fødder; der gives kun Valget mellem at følge den blinde Drift som uvane Dyr, eller med aabne Øjne, med Mands Mod og Hjørte og med det store Maal stadig for Øje, at holde Skridt med Tiden og anstrænge alle Kræfter, for til alle menneskelige Forhold at tilbagevinde den Ligevægt, de alle har tabt og kun kan finde i en ny, langsomt udviklet Tingenes Orden" (42).

Han innrømmer at han sjølv og andre har teke feil når dei har forakta nåtida "med dens lave, prosaiske Anskuelse af alle menneskelige Forhold, dens smaa, spidsborgerlige Interesser og drengeagtige Frihedsjagt og Selvklogskab". Dei har ved det stått i vegen for ei betre framtid like så mykje som dei som forgudar notida. Det som vi ikkje skal gløyme er at vi med alle våre "højere Anskuelser" sjølv høyrer til denne notida som vi foraktar så djupt (43).

Vi fortente berre utakk av etterslekta dersom vi øydde kreftene våre på å opphøye det som har vore, det som er borte for godt, og dermed samstundes trykkjer ned det som er det nærværande, det som er det einaste som kan utrette noko. Det ber i seg den siste vona menneskeånda har, og det er berre i fortviling vi kan gi det opp.

Ein av hans mange "videnskabelige Særheder", seier han, er den at han påstår at vi ikkje er til for historia si skuld, men at historia er til for vår skuld. Vi er sjølve ein del av historia, og vi skal ikkje satse på den reine objektiviteten som "Højtyskerne" gjer, for då kan ein koma til å gløyme både seg sjølv og tilhøyrarane eller lesarane. Historia er til for vår skuld, og ved ei levande forståing kan menneskeslekta sine storverk bli til ei kjelde til "Lys, Opmuntring og Trøst for Millioner" (44).

Og sjølv vil han med desse talane sine om den nærmaste fortida" bidrage til at vække og nære en lysere og mere levende Anskuelse af Menneske-Naturen i sin historiske Udvikling og af Menneske-Historien i sin naturlige Sammenheng..." (45).

### III. To ytterpunkt: Revolusjonen og Napoleon.

#### "Folkenes Dødskamp".

Omtalen av den franske revolusjonen får brei plass i "Mands Minde". Den representerer eit ytterpunkt når det gjeld avvik frå den jamne historiske utviklinga. Grundtvig ser i revolusjonen eit gruvekkjande men lærerikt eksempel, som kan gi auka forståing for dei fårar som trugar "det borgerlige Selskab" når viktige "Natur-Love" blir sett til side. Såleis vil revolusjonen i Grundtvigs framstilling bli eit viktig moment til å kaste lys over "Menneske-Historien i sin naturlige Sammenheng".

Grundtvig kan ikkje sjå nokon positive drag i denne forma for samfunnsforandring. Revolusjonar er "slet ikke... andet end Folkenes Dødskamp, der, naar den dødelige Sygdom, Folkelivet har i alle Lande, ikke mer ved Naturens end Kuntsens Hjælp faar en lykkelig Krisis, vil i sin Time indträffe med en Nödvendighed, der bryder alle Love og trodser al Modstand, til Kraften er udtømt" (1).

Den franske revolusjonen har soleklart bevist, meiner Grundtvig, "at kluge Folk aldri maa rive deres Hus ned, hvor ubekvemt det end er indrettet, før de ved om de kan bygge seg et bedre, og ved, hvor de kan være, til det bliver færdigt" (2). Det var feil av frankmennene å ta suvereniteten frå kongen, utan å hindre den i å falle i hendene på pøbelen, som nok kunne rive alt ned, men som ikkje kunne bygge opp noko, anna enn ein giljotine til alle dei hovud som ikkje var etter pøbelens hovud. Giljotinen er "det mest fortvivlede af alle Lægemidler for politiske Vildfarelser" (3).

Den franske revolusjonen er eit lærerikt eksempel til

åtvaring både for fyrstar og folk, borgar og bonde, høge og låge, fattige og rike, seier Grundtvig. For der det er litt meir av sann guds frykt og menneskekjærleik, litt meir "Alvor og Dybde, Årbødighed for Sandhed og Ret og Følelse for Blo-dets naturlige Baand, der knytte os ved Forældrene til Fortiden og ved Børnene til Fremtiden", der vil ein på både sider grue for den grenselause ulykka som ein slik revolusjon fører med seg. Og ein vil også på både sider "indse Nødvendigheden af den Grundforbedring, som det eneste, der kan forebygge Omvæltningen" (4).

Det var ikkje berre dei revolusjonære omveltingane i seg sjølv Grundtvig var motstandar av. Han stilte seg også kritisk til den måten dei revolusjonære ideane vart prøvd sett ut i livet på. Såleis tek han sterk avstand frå den freistnaden nasjonalforsamlinga gjorde på å gi Frankrike ei ny statsforfatning, "der aldeles svarede til en oplyst Tids og en blomstrende Videnskabeligheds Fordringer, saa den forenede alle Naturstandens og det borgerlige Selskabs Fordeler" (5). Han påstår at dette var dømt til å mislykkast, dels fordi den franske opplysninga var langt meir skin enn realitet, og den franske "Videnskabelighed, for saa vidt den angik Menneske-Livet, dets sammenhæng, Forhold og Øjemed, var uhyre overfladelig" (6), men endå meir fordi alle slike freistnader er galne og må mislykkast når ikkje opplysninga er "en virkelig Oplysning om det Liv, man for Øjeblikket har for sig, og naar ikke Videnskabeligheden er en af Erfaring stadfæstet Vidskab om de Natur-Love, dette Liv i sin Ytring og Udvikling altid følger" (7).

Han påstår også at det var ein stor feil i den høgtidelege kunngjeringa av menneskerettane, som nasjonalforsamlinga erklærte for å vera uforanderleg grunnlov for den nye stats-

forfatninga, "ikke saa meget for den Friheds og Ligheds og de borgerlige Rettigheders Skyld, den tilskriver alle" (8), men fordi dei lovlege grensene den syner til, og den sterke regjeringa, som alltid må vera føresetnaden, ikkje finst. Difor blir fridom og likskap til "Tøjlesløshed og Selvtægt, uden andre Grænser, end enhvers egen Lyst og Styrke eller Tilfældet satte" (9).

Men det "galeste" var likevel det som låg til grunn for det heile og som klarast var uttrykt i den rousseauske settning, "i sig selv tvetydige og i sin franske Anvendelse fortvivlede Grundsetning: at Loven kun er et Udtryk af den almindelige Vilje, som enhver enkelt maa bidrage sit til at skabe" (10). I Rousseaus bok kan dette godt la seg lesa og forsvarast mellom lærde. Rousseau har nemleg som føresetnad ein stat som ikkje er større enn fødebyen hans, Genf. Han har også som føresetnad at det er tale om eit dydig folk, og at dette vesle dydige foket vel måtte ha slavar for personleg å kunne ta del i statsstyringa - og slavane hadde sjølvsgårt ingen del i lova, fridomen eller likskapen. Når ein så brukar denne grunnsetninga på ein by som Paris, for ikkje å tala om eit land som Frankrike, så må resultatet sjølvsgårt bli "splittergalt" (11). Han er også sterkt mot fleirtalsstyre, at "de fleste Stemmer altid maatte gjælde for den almindelige Vilje" (12). Dersom ein t.d. spurde "den almindelige Vilje" om det ikkje skulle vera ei lov at alle som hadde over 10.000 RdL skulle levere det overskytande i "Kæmnerkassen" for at det skulle delast likt ut til dei som hadde mindre, så kunne ein godt risikere at dette vart bestemt. Men "det vilde dog give Handel og Vandel og al udbredt Virksomhed et Knæk, de sent eller aldriig forvandt, og paa alle mulige Maader befordre baade Fattigdom og Dovenskab, Ødselhed og Nærighed, Svir og

Spil og slette Sæder..." (13).

Den demokratiske likskapen som franskmennene prøvde å oppnå i revolusjonen ser Grundtvig på som eit "Blænddværk", som korkje kan eller skal finnast i "det borgerlige Selskab". I så fall vil det bli like så vanskap som ein kropp med berre hender, eller "som det gamle Uhyre afmaledes, af Luther Hoveder". Men det er ikkje berre den likskap for lova som går ut på at den høgaste dømer oss alle utan omsyn til person, "der er ogsaa en Ligelighed efter Menneske-Naturens Love, som Historien maa tage i Betragtning, saa man er lige billig i sine Fordringer til Menneske-Naturen, enten den saa glimrer paa Tronen eller glemmes i Hytten" (14).

Grundtvig dreg også fram dei girondistiske tankane om at menneska kunne skapast om "med smukke Fraser og grundige Afhandlinger" (15), - ei innbillings som Grundtvig meiner har heime i "Latinskolen", der ein på tross av hundreårs motsette erfaring framleis innbiller seg at ein kan skapa så mange "Ciceroner og Demosthener, Aristider og Catoner" som ein har lyst til, når ein berre får gutane i skule i tide og har funne fram til den rette metoden, særleg til "at danne deres klassiske Stil" (16). Frå ein slik skule som kviler på den grunnsetninga at bøker kan gjera menneske av fe og gudar av folk, må det nødvendigvis koma statsmenn som fuskar på statshandverket. Når det så mislykkast, så trur dei at det kjem seg berre av at dei gamle formene er i vegen. Og difor trur dei også at når ein berre kunne få sløyfa den gamle statsbygningen, så kunne ein reise "hvilket Feslot det skulle være" (17). Dette var draumen til girondistane, seier Grundtvig, "som de næppe engang vaagnede af under Guillotinen" (18).

Av same grunn tek Grundtvig den såkalla vendearoppstan-

den i forsvar, der det vart gjort motstand mot at prestane deira skulle avleggje den nye borgareiden og at folk skulle kunne utskrivast til hæren. Vendeeane var den einast franske krigshær som synte kjensle for den verkelege menneskelege fridomen og hadde mot til å stri og li for den, seier Grundtvig. "Det er kun uhyre Blindhed" når ein ikkje ser at det er like så tyrannisk å ville tvinge på folk det ein kallar friedom og opplysning, som det ein kallar den einaste saliggjerande trua. Vendeeane hadde den kjensla at borgarleg fridom ikkje er det å gjera ulykker og tyrannisere andre, men det å ha lov til, når ein ikkje gjer nokon fortred, "i Fred at rygte sin Dont og følge sit Hjærtes Drift" (19). Både presteeiden og utskrivinga var så tyranniske at når vendeeane ikkje var "lutter kristelige Halvguder, der foretrak Martyrkronen for alt jordisk, da maatte de nødvendig drage Sværdet for deres paa det ømmeste krænkede Borgerfrihed" (20).

#### "vor Tids merkværdigste Mand".

Napoleon er så avgjort den enkeltpersonen som får størst plass i foredraga. Det er tydeleg at Grundtvig er sterkt fascinert av denne mannen. "Den store Tyran" blir i Grundtvigs framstilling eit viktig historisk eksempel, som på ulike måtar kastar lys over "Menneske-Naturen i sin historiske Udvikling" I Grundtvigs "særegne Betragtning" spelar han også ei rolle som den som spår om ei ny rekkje "Stormænd", og han vil såleis representere eit vesentleg tilskot til den "forklaring", som er det overordna målet for historia.

Grundtvig ynskjer alt i utgangspunktet å gjera det klart kva standpunkt han som historikar ser på Napoleon frå, denne mannen som var forguda meir enn "nogen dødelig siden de gamle Hedningedage", og etter sitt fall mishandla av uteljande mange pennar, ikkje som ein ussel røvar, men "som Prometevs fængslet til Klippen, omringet af Gribbe, der udhakkede den dog aldri fortærede Lever" (21). Grundtvig har aldri vore mellom Napoleons forgudalar, seier han, men likevel kjenner han djup uvilje når "Asnet sparker den døende og døde Løve, naar Uslinger trampe paa Stormænds Grave, hvis overordentlige Kræfter aldri var saa misbrugte, de jo ære baade Skaberen og Menneske-Naturen" (22). Han bøyer seg for det store i mannen, utan å kjenne seg freista til å tilbe han. "...men dog har jeg atter i disse Dage følt det: at jeg ikke kan se ham under store og stærke Anstrængelser synke saa dybt, uden at føle en besynderlig Deltagelse i hans Skæbne" (23). Det gjer Grundtvig vondt å sjå den veldige kjempa "ved hvert Skridt beluret, drillet og forsinkel af de parisiske Navnegjække og Frihedsnarre .... saaledes fortryller Storheden mig uvilkaarlig selv i sin tyranniske Skikkelse, fordi den staar ene, med hele Verden imod sig" (24).

Grundtvig understrekar at Napoleon korkje var av hans parti eller tru, og han var heller ikkje i høgare forstand dydig eller opplyst. Men Grundtvig har vanskeleg for å finne nokon andre i samtida som ville ha brukt hans makt betre eller misbrukt den mindre. Napoleon burde difor vera fri for straffepreiker "det kun er mandigt og ædelt at holde for de levende, men blandt andet åtterliggtat spilde paa de døde" (25).

Napoleon vil etter Grundtvigs mening overstråle endå Cæsar hjå etterslekta, likevel om namnet og udøyelegdomen var

dyrekjøpt med slike blodbad og ei slik urettvisse (26). Men ein kan ikkje nekte for at han var like from og dydig som den gamle kongen av Prøyssen. Det attande hundreåret, seier Grundtvig, har historisk tala berre skam av sitt fyrsteideal, som sto svært lågt, medan Napoleon derimot har ære av at han verkeleggjorde idealet i si tid, og det i langt høgare grad og langt meir glimrande enn nokon av hans samtidige hadde trudd var mogeleg (27).

Det som det 18. hundreåret kalla fyrsteidealet eller "Filosoffen paa Tronen", Fredrik i Prøyssen, Josef i Østerrike og Katarina i Russland, prøvde som "en Skolemester.... med Ris og Fornuftegrunde" å omskapa heile verda etter eit "Augustus-Hoved", tvinga folk til å vera fornuftige, dydige og opplyste. Dei styrde slik at dei skulle ha kontroll med alt som hende i landet. Dette hadde Napoleon også stendig for auga, og han klarte å oppnå det i eit større område og på ein rimelegare måte enn dei andre filosofane på trona. Napoleon kjende sine folk og tok dei som dei var, og arbeidde for å gjera herskande i verda det dei såg på som "Dyd og Oplysning" - med dei mest høvelege middel. Så dersom det i Europa ikkje hadde funnest høgare tankegang og djupare kjensle enn i Frankrike og Italia, "da vilde han naat sin Hensikt og behersket Verden som semper augustus" (28). Og toget til Egypt skal vi ikkje seia oss leie for, meiner Grundtvig. Det gav endåtil franskmenns tankegang ein høgare sving (29).

Han syns det er latterleg med all den forundring og alle klager som ein har kome med mot Napoleon fordi han gjorde vald mot den franske fridomen. Ekte fridom har det aldri vore i Frankrike, "og den Forvirring og Tøjlesløshed, der kaldtes saa, var det netop en sand Heltegjærning at ophæve. En vis Fromhed, Beskedenhed og Hjærtelighed maa der altid være,

hvor ikke Magten skal misbruges" (30). Alt dette hadde fransk-mennene spotta og bekjempa under revolusjonen, og Napoleon var difor den beste regjering som dei på det tidspunktet kunne få. Napoleon fortener like mykje Frankrikes takk og pris, meiner Grundtvig, fordi han gjorde seg til konsul og keisar og skaffa franskmenn over alt omdøme som "den store Nation" eller "Verdens Hovedfolk". Det at han ikkje verkeleg omskapte dei til det og gjorde seg sjølv til ein kristeleg helt og martyr - eller at han ikkje gjorde det umogelege, det må ein vel tilgi han (31).

Vi skulle gjerne ha ynskt, seier Grundtvig, at Napoleon og Frankrike hadde hatt samme førestellingar om rett og fri-dom osv., men vi har ikkje rett til å sjå ned på han. "Kun det Folk, der i Gjerning og Sandhed rejser sig for Menneskets og Borgerens umistelige Ret og Frihed, udvikler og hylder en Høvding, klog og kraftig som Napoleon, men tillige ædel, høj-modig og hjærtelig - kun det Folk har Ret til at se ned paa Frankrike og Napoleon" (32).

Grundtvig hevdar at Napoleon har hatt stor innverknad på synet på historia. Han gjorde "en stor Ulykke paa den saakaldte kritiske Historie", noko Grundtvig sjølv i sine unge dagar prøvde å bevise, seier han, ved å ta for seg Napoleons historie som ein stor "Folke-Myte". Samstundes gjorde han den verkelege historia ei stor teneste ved det at han utan å veta det sjølv "har uddrevet den af Dødens Strube" fordi "hans Daad har bidraget og vil fremdeles bidrage uberegnelig til at oplive Troen paa Oldtidens Storværk" (33).

Grundtvig reknar med at Napoleon ikkje kjem til å bli eit særsyn i det 19. hundreåret, for Korsika kan neppe vera einaste plassen der ein helt kan bli fødd og Frankrike neppe dem einaste "Helte-Amme". Heller ikkje kan "Valpladsen" vera

"Menneske-Aandens kjæreste Skue-Plads...". Difor meiner han at Napoleon er "Herolden for en ny Række af Stormænd, som hver i sit Folks Aand og i sin beskikkede Kreds skal forklare de gamle og bevisse, det er ikke blot i Bøgerne, men ogsaa i Livet, Forstanden har sin Poesi, klar, men derfor dog lige saa dyb som den dunkle hos det Folk, hver Stormand tilhører" (34).

Vi må seia oss leie for, meiner Grundtvig, at vi hjå Napoleon ikkje kan elske det vi må beundre, men vi er glade for å kunne peike på alt det store som utmerkar han, og vi taper ikkje motet fordi om han endar så ynkeleg - "Som om Storheden skulde dø med ham, fordi hans tindrende Stjærne ej taber sig, fordunklet af en højere Glans, men slukkes i et ægyptisk Mørke; han synker ikke som en Helt for sin Øvermand, men gribes og pines ihjæl som en Misdeder" (35).

Grundtvig kjenner sorg ved å sjå ein så stor mann, ein som er stor ikkje berre som krigar, men også som statsmann, tenkjar og lovgjevar, med så urimelege innbilningar om sin eigen dyd og forstand, som er så framand for himmelen og så vantru når det gjeld alt det djupe og vidunderlege i menneskenaturen (36).

Det som framfor alt var Napoleons store misgrep, var "hans Nepotisme [som] en Majestæts-Forbrydelse mod Menneske-Slægten, der gjorde hans bratte Fald ej blot retfærdigt, men uundgaaeligt nødvendig" (37). Det var då han prøvde å gjera trona arveleg for sine etterkomrarar at hans "ædle Tørst efter udødelig Ære i Fremtiden veg for hans umættelige Herskesyge og forfængelige Lyst til Forgudelse i det nærværende øjeblik" - og dette var noko som måtte gjera han til "en forhadt Tyran for alle Folkefærd...." (38).

Hans tankar om eigen stordom kjenner ingen grenser, seier Grundtvig. Berre litt over 40 år gammal ynskjer han å bli tilbedt "af hele den dannede Verden", slik at når han byd, så er det ingen som kallar noko offer for stort, anten det måtte vera morsmål og fedreland eller overtyding, tru og samvet. Og Grundtvig reknar med at dersom toget til Russland hadde lykkast eller gått så nokolunde, så ville Napoleon "aabenbar tyranniseret alle Folks Samvittighed" (39).

Om Grundtvig var tilhengar av einevaldsmakt, så kunne han ikkje på nokon måte ynskje at Napoleon skulle få det i Europa: "Tvært i mod: denne Aandløse Betragtning af alle menneskelige Forhold, efter Tal, Maal og Vægt, forenet med en forbavsende Klarhed i den lave Synskreds og med en tilsvarende Jærnvilje, som trodser baade Himmel og Jord, dette maa netop være mig en Gru, baade som Hedning og Kristen..." (40).

Det som Napoleon og Frankrike har lært oss med sitt eksempel, er både til åtvaring og oppmuntring, seier Grundtvig. Til oppmuntring fordi dei har synt kva som enno i våre dagar kan la seg utrette, og til åtvaring fordi dei har synt at makt åleine gjer ingen lykkelege, og at inga form eller statsforfatning kan verne mot tyranni. Den som vil vera fri må samstundes la nesten sin vera det. Og endeleg ser vi at det er ei hand som styrer "i det skjulte", slik at det er ikkje klokskap, men toppmålt därskap å setja seg sjølv i staden for forsynet (41). "Han ligger paa sine Gjærninger, den store Tyrann...", men vi vil ikkje gløyme "hans Storhed" - "thi den er os ikke blot et Segl, paa Fortidens Storhed, men ogsaa et Pant paa Fremtidens, naar Kræfterne som slumre i ædlere Folkefærd, vaagne; vaagne fribaarne eller dog kun i Baand, der kan løses med Læmpe, og udfolde sig da i den medfødte Glans" (42).

Når Grundtvig ser framover, så ynskjer han åv sitt innarste at verda må få ein helt som ikkje har mindre av kraft, av kløkt og av innverknad, men som dertil er frisinna, edel og hjarteleg. Det er i hans augo berre ei slik heltehistorie som kan fordunkle Napoleon og ta bort den overdrivne beundring hjå "alle Storhedens Kjendere" så lenge han står åleine i "Nyaarstiden" (43).

#### IV. "Det borgerlige Selskab".

##### Statsforfatning i folkets ånd.

Dersom vi vil prøve å plassere Grundtvigs syn på samfunnsstyring og statsforfatning, slik det kjem fram i "Mands Minde," innanfor hans universalhistoriske "Anskuelse", så er det viktig å merke seg at han ikke opererer med ein modell som er universell og som difor skal gjelde for alle folk og til alle tider. Han set i utgangspunktet eitt krav: "Regjerings-Form eller Stats-Forfatning" skal vera i "Folkets Aand". Dersom vi vil ha greie på om detteer tilfelle, må vi hjå "Grækere eller Nordboere", som er dei folka der folkeånden har ytra seg klarast, gå til mytologien deira for å sjå om det finst noko liknande der. Men det er ikkje nok å finne stadfesting i den. Vi må også veta om statsforfatninga er etter døira "Hjærte", og for å få det på det reine, må vi gå til historia. Og det er først når vi finn samsvar mellom desse to, mytologien og historia, at vi kan svara eit avgjerande ja på spørsmålet (1).

Det som på dette punktet er likt for mytologien hjå desse to "Hoved-Folk", er at både dei greske og dei nordiske gudane har ein konge. Men ved sida av denne kongen utgjer dei andre gudane "et ordentlig Selskab", som held råd ved alle viktige høve, der alle fritt kan seia si meining, men heller ikkje noko meir. Avgjerda er det kongen som har ansvaret for.

Samanliknar ein nærrare guderådet på Olympen med asatinget under Ygdrasil, så finn ein elles mange skilnader, seier Grundtvig. Men den viktigaste er at Odin ikkje har vunne kongetrona ved å avsetja faren, slik som Sevs har gjort, og difor så står trona langt tryggare "under Asken end paa Bjærgaasen". Endå klarare kjem skilnaden fram når vi ser på historia: I

Norden står kongen urokkeleg gjennom alle tidsaldrar. Det er berre i England, med si folkeblanding, at det er eit lite unnatak. Medan derimot i Grekenland har trona falle bort nesten overalt etter heltetida, og "den fri Folkestemme" (rådet) har vore ute av kraft i over to tusen år, frå Alexander til Napoleons tid.(2).

Ei statsforfatning som skal vera i folkets ånd, må - i alle fall i Norden og Grekenland - difor kvile på desse to fundamenta: kongen og den frie folkestemma. Og det er desse to og forholdet mellom dei som avgjer korleis samfunnet skal kunne fungere. Både den franske revolusjonen og Napoleons tyranni har synt folk og fyrstar i dei andre landa at desse to, konge og folk, hadde bruk for kvarandre. Dersom det skulle gå godt, måtte dei klart sameine interessene sine og la dei sameina kreftene sine virke fritt til felles beste.

Folka burde lære at om dei av naturen har stor lyst til å styre seg sjølve, "saa er den almindelige Selvraadighed dog det borgerlige Selskabs Grav" (3). Fyrstane burde på si side lære at om "døde" folk er lettast å styre, så kan det likevel snart koma ein dag då ein misser alt, dersom folket ikkje er "lyslevende". Fyrstane gjer klokast i å styre etter den føresetnaden at dei er til for folket, likevel om dei ikkje alltid trur på det.

Grundtvig meiner under Napoleonstida å ha sett korleis fyrstane av all makt arbeidde for å "vække og oplive Folke-aanden", opplyse undersåttane om deira sanne beste og lette kåra deira, og på den andre sida har han sett korleis folka har reist seg og ofra seg for "deres odelsbaarne Fyrster" (4). Difor kan det ved første augnekastet sjå ut som folk og fyrstar "uopløselig sammenknyttede i Farens Stund og kloge av Skade, vil, naar de har tilkämpet sig Fred og Selvstændighed,

kappes om at gjøre hinanden Byrdene lette og Livet behageligt" (5).

Ingenting ville vera betre enn dette, meiner Grundtvig. Men det er for tidleg å rekne med at dette kan vera noko som vil vara ved framover. For der ikkje anna manglar, der manglar både høg og låg den historiske opplysning som høyrer til for å kunne reorganisere "det borgerlige Selskab" i folkets ånd og for å kunne finne seg i det (6).

Grundtvigs ideal for statsforfatninga i Europa i tida framover, og som han har god von om vil koma til å bli verkeleggjort, seier han, er tanken om at dei "indfødte, odelsbaarde Fyrster, langt fra at skille deres Åre, Magt eller Fordel fra Folkets, vilde betragte sig som Folke-Aandens Statholdere og derved vinde Folkestemmen, saa den, til fælles bedste, blev Landslov" (7). Denne store tanken har han til felles med Henrik Steffens og "de andre Ildtunger", men også Tysklands ungdom og ein del av fyrstane under den store oppstanden frå 1813-1815, seier han (8).

For at kongen, som "Folkeaandens Statholder" skal kunne utføre si store og viktige gjerning på beste måte, så er det ein vesentleg vilkår at han er fri. Kongen sin fridom, meiner Grundtvig, er ein føresetnad for folket sin fridom. Retten til å gje lover t.d., ser han ikkje på først og fremst som ein maktposisjon, men ein fridom. "Lovgivnings-Retten .... det er Kongens Frihed" (9). Ikkje noko opplyst folk vil nokon gong vente seg verkeleg fridom under ein konge som sjølv saknar ein slik fridom. Grundtvig hevdar at heile verdenshistoria lærer oss det same som Danmarks historie gjer: Når kongens hender blir bundne, då er det ikkje folket, men undertrykkjarane av folket som får både frispråk og frie hender (10). Det

som gjorde stillinga så fortvila i Frankrike før revolusjonen, seier Grundtvig, var ikkje statsgjelda og einevaldsmakta til kongen. Kongen hadde ikkje stor makt, han hadde for lite makt. Det var dei store rettane som adelen, dei geistlege og Parlamentet i hadde teke seg, som var problemet, og som kongen var for avmekting til å innskrenke, fordi han trengte støtte mot borgarskapet (11).

Likevel har kongen sin fridom ei klar avgrensing. Ein konge som med rette kan seia at han er den friaste mannen i landet, og som er fri i kraft av at folket har gitt han denne fridomen, han kan umogeleg innbille seg at han har lov til å gjera alt som han har makt til å gjera. Han må, "saa længe der er en ædel Blodsdraabe i ham", kjenne seg kalla til å gjera heile sitt folk så fritt og lykkeleg som han kan, "da Kronen, som derved daglig befæstes paa hans Hoved, er fornøjelig at bære, og Eftermælet, der kun vindes ved Frimands Daad, er udødelig Ere!" (12).

Forstått på denne måten, så kan kongens fridom og folkets fridom godt gå saman, ein kan heller seia at den eine krev den andre. Det er "Blændværk" når den eine meiner å vinne på at den andre taper, i staden er det alltid eitt eller anna "Rovdyr", anten det kallar seg "Adel, Gejstlighed eller hvad det vil", som vinn det som både taper. (13)

Men kongen er bunden av den pakta han har gjort med folket. Pakta mellom folket og fyrsten er "Rigets Grundlov", som fyrsten sjølvsagt ikkje kan oppheve utan å oppløyse og avsetja seg sjølv (14).

#### Kongemakt og folkestemme i Danmark.

Den statsforfatninga som Danmark har, set Grundtvig høga-

re enn alle andre. Ingen stader kan det vera ei klokare ordning enn der kongen med takk erklærer at han har makta si frå folket, som ei uavgrensa fullmakt til å virke for det allmenne beste. Grundtvig meiner å kunne påstå at Danmarks historie har stadfesta og dagleg klarare stadfester denne sanninga.

Til skilnad frå Danmark så hadde alle kongane på fastlandet, som var eineveldige ved utbrotet av den franske revolusjonen, teke eller lurt til seg denne makta. Medan det i Danmark var folket sjølv, som med unnatak av nokre få herremenn, "aldeles frit og med velberaad Hu", hadde overdrege einevaldsmakta til kongen (15).

I Danmark er det no "en fri Folkestemmme og en folkelig Højskole" alt som skal til for "paa den fredeligste, billigste og lykkeligste Maade at bringe alle borgerlige Forhold i deres naturlige Ligevægt, fremkalde og sikre al den borgerlige Frihed, der kan bestaa med fælles bedste" (16). Det var berre ei faderleg einevaldsmakt som kunne bane vegen til denne lykkelege situasjonen, meiner Grundtvig. Og på same måten er det berre denne einevaldsmakta som for framtida kan sikre at denne situasjonen kan halde fram. Ei samanlikning mellom Danmarks og Frankrikes historie syner dette klart, meiner han (17). I Danmark må dei vera tilfredse med den stadfestinga som den historiske erfaringa har gitt av denne sanniga, og dei bør sjå påden faderlege einevaldsmakta saman med den frie folkestemma som deira uforanderlege grunnlov. Det er ei grunnlov der desse to delene ikkje motseier kvarandre, men der den eine styrker og klargjer den andre (18).

Grundtvig påstår vidare at Danmark er det einaste riket, sjølv i Norden, som kan prise seg lykkeleg over å ha kongedømet og den frie folkestemma "baade i Folkets Aand og efter

dets Hjærte". I Norge manglar kongedømet og i Sverige manglar den frie folkestemma. Rett nok har Sverige sin Riksdag, der både bønder, adel geistlege og borgarar har sine representantar. Men ordninga med at dei fire stendene har kvar si røyst gjer det nesten umogeleg, meiner han, at folkestemma "uden voldsom Anstrængelse" kan trenge gjennom. Det er ikkje med eit firstemmig råd som med ein firstemmig sang, at det er den som gir beste harmonien. Han meiner å ha sett at det er adelen og dei geistlege som vanlegvis held saman mot borgarane og bøndene, og når kongen då ikkje har lov til å legge si røyst i vektskåla, så har alt lett for å bli ved det gamle. Og det gamle er langt frå å vera det beste for folket (19). I Sverige ser det av den grunn fortvila ut, syns han, med både "Bondestandens Opkomst" og samvetsfridomen, som adel og geistlege gjerne er samde om å undertrykke.

I Danmark derimot er både desse spørsmåla godt på veg mot ei løysing, og det er mest "vor faderlige og folkelige Konge" å takke. Men utan einevaldsmakt ville han aldri vore i stand til "at begynde den gode Gjerning" og utan den frie folkestema ville han aldri fått lykke til å fullføre den. Og då det no er kongen sjølv som har framkalla denne frie folkestemma, så syner det berre at danskane, "ved at erhverve sig Navn af det kongeligste Folk under Solen, har valgt den beste Del, som indeslutter alt ønskeligt i sig" (20).

Denne sterke lovprisinga av eineveldet i kombinasjon med folkestemma munnar så ut i ei umåteleg sterk personleg hylling av Danmarks konge, Frederik den 6. Grundtvig innrømmer at han er gamal royalist, men han vonar at desse foredraaga har synt at han likevel ikkje høyrer til "de Ultraer, der vil gjøre Kongene til Afguder, paa hvis Altre Folkene skal opofres" (21).

Det er framfor alt to store politiske reformar som Frederik den 6. har æra for som "en vitterlig Kjendsgjerning". Det er "Bondestandens Opkomst" ved oppløysinga av "Stavnsbaandet i 1788 og "den frie Folkestemmes Udvikling" ved ordninga med dei rådgjevande provinsialstendene i 1831. Båe desse reformane ser Grundtvig som "Tidens sande Tarv" og "alle andre Landes store Savn". Difor kan han knapt prise kongen sterkt nok for det han har gjort: "hvilken samtidig Fyrste skulde da ikke misunde ham saa priseligt et Eftermæle, baade hvor Kongehjärter vejes i den store Faderhaand, og hvor de mindes av barnlige Sjæle!" (22).

Grundtvig understrekar at når det gjeld å beundre den frie folkestemma "der nu hever, udvikler og klarer sig i Roskild og Viborg" (23), og når det gjeld å prize den einevaldkongen som kalla den fram, så er det ingen som kan ha sterkare kall til det enn nettopp han sjølv, fordi han var mellom dei som gjekk mot skipinga av folkerådet. Han såg på det som eit sørgeleg misgrep og vart overtydd om sin "Forblindelse" først då det tok til å arbeide.

For å forklare denne holdninga si, så understrekar han at han aldri hadde sett på den frie folkestemma som noko negativt. Han hadde alltid sett den som nødvendig for å gi kongen opplysning og for å gjera folket tilfreds og i det heile at den var til beste for riket. Men han tenkte som ein bokorm, seier han, og trudde at den frie folkestemma skulle ytre seg best gjennom "vore Penne, uden Mund og Mæle, ordentlig Valg eller gyldig Fuldmagt". Så enno etter julirevolusjonen og to vitjångar i England, så heldt han framleis på at ein betre ordna "Skrive-Frihed" skulle vera det beste. Han rekna med at eit folkeråd måtte vera uheldig, for anten så førte dei ordet som hadde kunnskap utan eigedom, eller så

var det dei som hadde eigedom utan kunnskap. Og her var det altså at han tok feil. Til lenger han ser denne ordninga virke og til meir han samanliknar grunnlova av 28. mai 1831 med "Folkelivets Tarv", "des mer maa jeg beundre Dybden i Kongens Hjärte og Højden av Danmarks Lykke" (24).

Han er ikkje heilt samd i at det skal heite "raadgivende Stænder", det burde heite "Folkeraad", men grunnlaget som er lagt i grunnlova, "det skulde Danmarks Konger og Folk til Dagenes Ende betragte som en Helligdom, som Rigets Palladium, de ikke for nogen Pris ville miste, men af alle Kræfter til sidste Blods-Draabe forsvare mod alle baade inden- og udenlandske Angreb" (25).

Den som ikkje kjenner formuleringane i grunnlova av 1831 om "Enevolds-Magtens og Folke-Frihedens faste Grundlag i Danmark" bør snarast mogeleg gjera seg kjent med dei, meiner Grundtvig, og innprente seg så dei aldri blir gløymde, "de gyldne Ord, der udstrømmede af det bedste Konge-Hjärte, af den faderligste Omhu for det troeste Rige, og af den skjønneste Pagt mellem den folkeligste Konge og det kongeligste Folk" (26).

Når tanken om fyrstane som "Folke-Aandens Statholdere" ikkje kunne realiserast i åra framover frå 1815, så var viktigaste grunnane, meiner Grundtvig, at forbundet mellom folk og fyrstar hadde vore både for kort og for "egennyttigt" og dertil hadde "Aandløsheden" på både sider vore for stor, og endeleg hadde det nyfranske "Frihedsbegreb" og det gamaltyske "Herreveæsen" vore altfor freistande. Det hadde vore feil på både sider, men det som var aller viktigast, var ingen feil, men ein mangel: "Mangel paa en riktig Anskuelse af Menneskelivet, og paa sand Oplysning om det borgerlige Selskabs Grundvold, Tarv og Øjemed" (27).

Denne sanne opplysninga finst først og fremst i historia, som er "den Mimers-Kilde, hvoraf alle de, der nu vil arbejde paa Menneskevel, maa drikke dybt og trænge til at drikke dybere, jo højere de staa, og jo mangfoldigere deres Indflydelse er paa Folkenes Udvikling og Tingenes Gang" (28).

Men det er ikke berre historia som kan gjera folk "Statsklove". Der "Tidens Opgave" skal kunne løysast, må det undertrykte folkelivet reise seg, "den indslumrede Folkeaand" må vakne, og den forsømte folkelege opplysning må "opelskes" (29). Det som har gjort folka i Tyskland, Spania og Italia misnøgde med styresmaktene, det er at dei har sakna "en folkelig Tingenes Orden" (30). Det sterkeste grunnlaget for "Det borgerlige Selskab" finn vi i forholdet til historia: der folket er "dybest rodfæstede i Hjemmet, finder sig inderligst sammensmæltede indbyrdes og forbundne med Fædrene og kan bedst taale at høre historisk Sandhed", der er ikke "det borgerlige Selskab" eit nytt kunststykke, men i røynda eit "Natur-Forhold, der, netop naar alle Kunstleriene bortfalde, let gjenfødes i en betimelig Skikkelse, og dør er alle Misgreb kun Lærepenge, hvorfor sand Statsklogskab i vore Dage ej kan kjøbes for dyrt" (31).

V. Grunnleggjande vilkår for historisk forklaring.

"Friheden".

Eit grunnleggjande drag i Grundtvigs tankeverd er den avgjerande vekt han legg på fridomen. Den er føresetnaden for alt kulturliv i det heile. I "Mands Minde" seier han det så kategorisk: "Frihed er Aandens Element" (1). Og fridomen er nødvendig på alle område av samfunnslivet. Men det er viktig å vera klar over at Grundtvigs fridomsomgrep har ei klar avgrensing: Omsynet til andre menneske: "hvem der selv vil være fri, maa lade Næsten være det med sig, og hvem der i Længden vil fare vel, maa finde sig i Billighed" (2). På den måten blir ikkje fridomen ein omsynslaus liberalisme, der individet skal kunne utfalde seg fritt. Fridomen blir meir noko som skal gjelde mellom menneska, i samfunnet, enn for den enkelte.

Ein slik fridomstradisjon finn han i Danmark, og eit bilet på denne ser han i "Den Friheds-Støtte lige udenfor Vesterport". Den gler han seg over kvar gong han ser den, ikkje berre fordi den er eldre enn "det franske Frihedstræ", men også fordi den ikkje er reist av hovudstadspøbel for sin eigen fridom. Det er ein fridom som betyr den verste trældom for det store og edle. Støtta ved Vesterport er reist av borgarskapet i hovudstaden, for bondens fridom, og det vil i Danmark også seia åndens, morsmålets og alle gagnlege krefters fridom (3).

Denne sterke avgrensinga som fridomen må ha av omsynet til "fælles bedste", ser han ikkje minst av hendingane under den franske revolusjonen. Det er med fridomen som med elden, det kan bli for mykje av han, slik at resultatet blir berre

øydelegging.

Vi kan ikkje vera tente med dei spekulative teoriane som tyske filosofar har sett fram, seier Grundtvig. Dei er ikkje særleg interesserte i korleis det heng saman i "Sanse-Verdenen" men spør berre om kva alle ting er i ideen, dvs. i deira eige hovud. I Schellings verd t.d. ville det "se rent fortvivlet ud for Friheden, da den efter hans Ideer, saa vidt vi kjende dem, gaar rent til Grunde i Nødvendigheden" (4). Her er det betre som så ofte elles å støtte seg til det nøkterne engelske rådet, "der vel klinger lidt but og koldt, men som der i det mindste dog baade er Mening og Frihed i, thi det er, som vi nok véd: 'hjælp jer selv!'"(5).

Det store spørsmålet som ein prøvde å finne svaret på ved den franske revolusjonen, var ikkje korleis fridom og tvang står i høve til kvarandre i ideane si verd eller i ein lærebrygning. Men det er kva som er best for "det borgerlige Selskab", som er noko heilt anna enn "de lærdes Republikk". Spørsmålet er kva for forbetringar som forfatning, lovgiving og offentlege innretningar på eit visst tidspunkt og på ein gitt stad treng og kan ta mot til felles beste, det som er den uskrivne, men uforanderlege grunnlova for alle "borgerlige Selskaber" (6).

Den samfunnsmessige fridomen må alt sá ha si klare avgrensing, men den fridomen korkje han sjølv eller alle alvorlege menneske minst kan unnvera, det er "Samvittigheds-Frihed". Den andre viktige fridomen er "Kræfternes Frihed", og den tredje er det ein kallar "den personlige Frihed, egentlig Kroppens Frihed" (7).

Fridomen i samfunnet må også syne seg i det at ikkje folk og fyrstar set urimeleg strenge krav når det gjeld "kristelig Fuldkommenhed" hjå kvarandre. I Frankrike har han sett "at det aabenbar ukristelige franske Hof" forlangte av folket at det skulle gjera og tole alt "hvad ene Kristi Apostler kunde og

vilde" og at Pariserpøbelen og deira leiarar forlangte det same av Ludvig den 16. og hans styresmakter. Nei, kristendomen må ein la vera "som noget aldeles frit og uberegneligt, aldeles ude af Regningen". Ein må hugse på at det menneske-idealet den har kome med til verda, sjeldan er sett realisert, men det kan endå mindre realiserast utan den. Difor må vi halde oss til den menneskenaturen som historia på kvar stad syner oss som ein målestokk for dei rimelege krav som ein kan setja til kvarandre, og som skaper det naturlege idealet som samfunnet på den plassen kan lykkast i å realisere.

Når den gjensidige fridomen, med dei gode ordningane som følgjer av den, blir erkjent som "det borgerlige Sel-skabs Grundlov", då kan det bli lykkelege tider. Ikkje ideal-tilstandar, som er umogelege, "men virkelige som ethvert Folkefærds bedste Tid, og saa meget skjønnere, som folkelig Oplysning og naturlig Dannelse nødvendig maa gjøre dem" (8).

Det meste av ulykkene som har kome over statane og folka, meiner Grundtvig, kjem seg berre av "et voxende Ube-kjendtskab med de indvortes og udvortes Livs-Forhold og deraf udspringende Misforstand, som hele vor Dannelse har gaaet ud [paa] at frembringe" (9). Folket kan gjennom "Folke-Stemmen" heretter bli regjeringane sin beste rådgjevar. Det som det gjeld om, er at folket lærer å kjenne kva dei verkeleg har bruk for og blir i stand til å uttrykke det, at det er "Fri-hed og det daglige Brød" dei treng til framfor noko anna. Det er alltid mangelen på ein av desse delene som har drivi folk til utvandring, og særleg dei som det var bruk for å ha i landet.

Han hevdar vidare at det ikkje er det som ein til vanleg kallar "Folkefrihed" ein har mest bruk for, det som vil seia heil eller halv overtaking av regjeringa sine oppgåver. Den

fridomen har ein t.d. meir enn nok av i Norge, utan at små-folk av den grunn har det betre. Nei, det som trengst er "Samvittigheds-Frihed, Tale-Frihed og Nærings-Frihed" (10) (Jfr.s.52) og at ein har det daglege brød som ein ærleg har fortent det med arbeid, ikkje som ein kan få det hjå fattigvesenet. Hadde ein dette heime, så drog ein ikkje over verdenshavet under store farar. Den tvangen som regjeringane kan legge anten på sam-veta eller munname, eller dei lovlege næringsvegane, den kosttar. Men derimot kostar fridomen ingenting, "men indbringer usigelig meget, ved den indvortes Tilfredshed og Munterhed og den udvortes levende Rørelse i alle Retninger, den nødvendig frembringer" (11).

Likevel er Amerika eit stort lyspunkt når ein tenkjer på kva for eit himmelsk mønster på borgarleg fridom Nordamerika har gitt det bakbundne Europa det siste halve hundreåret. Det var ei stor lykke at då "Samvittigheds-Friheden" ikkje eingong i England kunne finne heimstad i Europa, at den så fann tilflukt i Amerika (12).

Likevel er England det landet i Europa som han set høgast. Og det han beundrar mest der, er "Den fri og levende Virksomhet, det mesterlige Greb paa det gavnlige og det klare Syn for det virkelig og varig ærefulde" (Jfr. s. 22-24) Han er viss på at Danmark kan tileigne seg det same, i ein grad som nok ikkje vil gjera dei så rike og mektige, men velståande, sjølvstendige og aktverdige - og tusen gonger lykkelegare enn dei vidkjende øybuarane, fordi dei elskar og blir elska for lite (!) (13).

"Det levende Ord paa Modersmaalet".

Når Grundtvig set det levande, muntlege ordet så høgt, så er det fordi han ser det som den sanselege forma som det åndelege framstår i. I "Nordens Mythologi" seier han det på denne måten: "... Hovedsagen er , et hverken luftigt eller forvirret, men lyst og levende Begreb om Aand, som den høiere Livs-Kraft, der har sit levende Udtryk i et tilsvarende mundtlig Ord, og i dette sit Udtryk tillige sin jordiske Boelig"(14).

I diktet "Oplysning" uttrykker han det slik: "Er ikke Ordet i vor Mund / et Lys for alle Sjæle!/ Det giver os for Aander Syn,/ som Solens Skin for Kroppe".(15).

Når det gjeld utbreiinga av den historiske forklaring, så plasserer Grundtvig det levande ordet på morsmålet i ein heilt avgjerande posisjon. Den folkelege opplysninga kan berre bera frukt dersom den skjer på morsmålet (Jfr.s.71). I "Mands Minde" seier han det slik: "Og nu,m.H.,nu siger jeg som Vidskabsmand: dør har De Nøglen til Menneske-Gaaden i hvert Folk og hver Tidsalder, i den hele Slægt som i Enkeltmanden: et aandfuldt, levende, mundtlig Ord paa Modersmaalet, det er den gjennem Verdens-Historien aabenbarede Hemmelighed, hvor-paa enhver Mand maa tro, som skal blive klog paa Menneske-Livet, hvorpaa hvert Folk maa tro, som skal blive kraftigt og lykkeligt, og hvorpaa Slægten maa blive ved at tro, hvis den nogen Sinde skal naa sit Maal og se sit Levnedsløb forkla-ret" (16).

Ein bør ha klart for seg at det er ikkje Ordet i kristen tyding det er tale om her, men ordet som noko som er gyldig for menneskelivet alle stader og til alle tider. Men likevel har ordet hjå Grundtvig det vi kan kalle ei metafysisk forankring, i det at allmakta, Guds ånd, manifesterer seg i

Ordet, som skaper det det nemner: I opphavet var Ordet - og Ordet blir sanseleg, blir inkarnert i Kristus. Det er ved Ordet og berre ved Ordet at det åndelege fellesskapet mellom Skaparen og det skapte kan realiserast. På same måte legg Grundtvig avgjerande vekt på ordet sin plass innanfør kristendomen. Det som hans "mageløse Opdagelse" i 1825 gjekk ut på, var at det er ikkje i bøkene, heller ikkje i Bibelen, at vi finn det opphavlege vitnemålet om den kristne trua. Men vi finn det i ordet som alltid har lydd ved innlemminga i kyrkja, nemleg trusvedkjenningsa ved dåpen. Det er her sanninga i kristendomen finst, og dette er eit ord som bind alle kristne gjennom alle tider saman.

På same måte som Guds ånd, skaparkrafa, manifesterer seg i Ordet, så er den menneskelege talen når den er sann og ekte, også berar av ånd, uttrykk for det liv og den kraft som er i mennesket - "Hjertet paa Tungen". Difor blir morsmålet, vårt eige språk, det som konstituerer fellesskapet mellom menneska, det som gjer at åndslivet kan vekkjas og forplantast. Det blir med andre ord berar av det indre liv i folket.

Det kan sjåast som eit paradoks at Grundtvig med sin enorme skriftlege produksjon skal gi det muntlege ordet i den grad førsteretten. Og han nektar ikkje for at bokstavskrifta er eit stort vidunder. Om skrifta ikkje har liv i seg sjølv, så er den likevel ein måte å lagre og overføre åndsliv på. Men ord og skrift er to forskjellige ting som vi må halde klart frå kvarandre, "og indsee, at Ordet staaer netop saa høit over Skriften, som Legemet over Skyggen, og som Han der skabde Tungen over ham der skiærer Pennen!" (17)

Uttrykket "det levende Ord" som motsetning til det skrivne ordet, har likevel ikkje sitt opphav hjå Grundtvig. Uttrykket er eit litterært lån "med mange og fornemme Ahner" (18). Som stiv latiner kjende Grundtvig truleg til det latinske uttrykket "Vox viva", som var ei vanleg vending for muntleg tale og var brukt av ei rekke romerske forfattarar. Ein kan rekne med at det er under påverknad av Henrik Steffens at Grundtvig tek uttrykket i bruk - også i ein profan samanheng.

Det var førelesingane til Steffens i 1802 som kom til å overtyde han om makta i det levande ordet. Det blir fortalt at Steffens hadde gløymt papira sine då han skulle ha den sjette førelesinga si, og han måtte difor tala utan manuskript. Han kjende då at talen vart meir levande, og for framtida let han papira vera att heime (19).

I "Mands Minde" fortel Grundtvig at desse førelesingane hadde gjort, utan at han var klar over det sjølv, at han hadde fått "en levende Forestilling om Aand og Respekt derfor, som Ordets vidunderlige Livskraft, hvil Virkning paanøder os den Overbevisning, at der i det usynlige er en Virkelighed af et højere Slags end den vi kan tage og føle paa, sønderlemme og begribe" (20). Denne opplevinga var, fortel han, "det store Skridt hos mig fra det attende til det nittende Aarhundrede i Aandens Verden" (21).

Den grunnleggjande funksjonen som ordet har som berar av ånd, let han i høg grad koma fram når han talar om morsmålet. "Almen-Aanden", den usynlege livskrafta som er felles for alle dei som har felles morsmål, har nettopp morsmålet som sitt "Aandedræt". Difor kan han håpe på at "vort Nordens Aand, i samme Grad som Modersmaalet stiger til sin Dronningstol, vil rejse øg hæve sig i Hjemmet" (22) (Jfr.s.22).

Difor er det einaste naturlege også på "den folkelige Højskole" at "Folkets Modersmaal har Enevoldsmagten" (23) (Jfr.s. 71)

Gjennom lange tider er det "talens Tørhed, Mathed og Kulde" som har gjort kyrkjene tome og skulane til "aandelige Tugt- og Forbedringshuse, man kom i for sine Synders Skyld og vendte gladelig Ryggen det snarest mulig" (24). Men vi skal ikkje tru at det var fordi fedrane våre heller ville ha det tørre, matte og kalde, at dei ville ha tale som ei bok, framfor det frie, friske, "det vingede Ord", at dei "foretrak Død og Maktesløshed med sort paa hvidt for Liv og Kraft i Aanden" (25). Vi var i realiteten døde og makteslause i "Aandens Verden", seier Grundtvig, og difor måtte vi te oss deretter. Men no kan vi fryde oss ved det livet vi møter, når det er eit liv som vi kan vera med i, og det er tilfelle med det naturlege menneskelivet anten det ytrar seg sterkt eller veikt. Når difor "Fortidens store Mænd og Begivenheder" blir atterfødde i eit levande ord, så kjenner vi oss i slekt med dei, og kjenner oss "begejstrede til, efter Kræfternes Maal og Tidens Lejlighed, at ligne dem" (26).

Gong på gong i "Mands Minde" peikar Grundtvig på den grunnleggjande verdien morsmålet har for det folkelege felleskapet. I samband med omtalen av keisar Josef den andre t.d., som ville ha alle undersåttane sine til å bruke tysk, forsvarer Grundtvig den misnøyen og det utålmodet som dette medførte, då "et Folks Modersmaal er deres Øjesten, som ingen, der vil være deres Ven, maa røre ved" (27).

Han understrekar også at der morsmålet blir fortrent fra å brukast i det offentlege og mellom dei dana, "der smides det saa at sige paa Møddingen". Når det difor ikkje blir dyrka

lenger,

så misser det etterkvart alle sine høgare uttrykk og dermed heile sitt "aandige Preg og sin bevægende Livskraft" (28). Dei lærde og dana kjem til å arbeide for å gjera gjeldande ein tankegang som er framand for folket og som difor ikkje kan uttrykkjast i folket sitt språk på nokon levande måte. Men då folket ikkje let seg omskapa, så kan det oppstå veksande "Misforstand" og spenning mellom regjeringa og undersåttane og mellom dei lærde og dei ulærde. Dette er noko som må føre til "voldsom Omvæltning" utan at det er nokon hjelp i det heller.

Denne ulykka er skjedd alle stader der kyrkje og skule vart latinisert i mellomalderen. Rett nok vart morsmålet innført att i kyrkja ved reformasjonen, og dermed vart skadevirkningane noko mindre. Men då morsmålet vart bannlyst i presteskulane, vart det nesten fortrengt att i kyrkja også.

I England har dei vore så heldige, seier han, at Underhuset og valtalane i samband med det, har halde morsmålet i hevd og ære "og saaledes holdt Folkeaanden i Live, som altid dør og staar op med Modersmaalet " (29).

Morsmålet må altså dyrkast. Han er fast overtydd om at det danske språket, endå om det måtte vera fattig og usselt, passar langt betre for Danmark enn latin, og han er overtydd om at det danske språket, som er i bruk til kvardags, ville både bli tala og forstått betre når det "dyrkedes flittig" og fekk lov til å følgje sine eigne lover og ikkje vart tilpassa og radbrekka etter latinen (30)

## VI. Middel til å fremje historisk forklaring.

### Skalden og historikaren.

Den forklaringa av menneskelivet som historia etter Grundtvigs syn alltid siktar mot, er som før nemnt (s.15) resultatet av ein prosess, der den erfaring som mennesket har gjort i fortid og notid er ein viktig del. Somme menneske har ei særskilt evne både til å oppleva erfaringane og til å formidle desse opplevingane vidare til andre menneske. Her står diktarane, eller skaldane, som Grundtvig kallar dei, i ei særstilling. Skalden har ein viktig funksjon i denne forklaringsprosessen, fordi han i sitt bletspråk har ein reidskap til å kaste lys over det som måtte vera gåtefullt, også på områder den rasjonelle tenkjinga ikkje kan nå fram.

Grundtvig hadde tidlegare, i utkastet sitt om "Statsmæssig Oplysning" i 1834, vore inne på tanken om at skaldane, særleg "os Silde-Fødninger" kunne bli sett i arbeid i opplysnings si teneste. Dei av skaldane "der endnu sympathisere lidt med Almuen i aandelige Ting" trengst som hjelp både til å skaffe bøker og førebu lærarane dersom det skal bli "en Almue-Oplysning" som staten kan ha gagn og glede av.

Ein folkeleg skald, som han sjølv er, må så lenge han lever, ha den vona at på tross av dei "Spreng-Lærdes naturlige Gru" for alt som det verkeleg smakar poesi av i livet, så skal statsmennene før det er for seint oppdaga "at den Poesi, der er i Folkets Aand og staaer følgelig i Pagt med Alt, hvad denne Aand og det tilsvarende Hjerte har skabt i Tidens Løb, en saadan Poesi er netop i sine sidste levende Yttringer ubetalelig og bør med al Anstrængelse hindres fra at uddøe ved at sættes i den frieste Virksomhed, til Udvik-

ling af en beslægtet Oplysning og Formildelse af de skarpe  
Vædsker i Stats-Legemet, Man maatte ønske det i Graven for  
end mere at Skiærpe" (1).

Det er vel knapt nødvendig å peike på at når Grundtvig held historiske foredrag, så kan vi ikke utan vidare setja nok å skilje mellom historikaren Grundtvig og diktaren Grundtvig. Synet hans på historia byggjer også på dei erfaringane han har gjort som diktar. "Hans historiesyn er derfor ingen videnskabelig konstruktion eller teori, men blot et bevidst udtryk for det billede han dannede sig af tilværelsen", seier W. Michelsen (2). Vi ser også gong på gong at framstillinga i foredraga er fylt av sterkt poetisk biletbruk, der fantasi og kjensle blir teke i bruk for å gi det språklege uttrykket det innhaldet som mest mogeleg presist kan dekke den førestellinga han har. Og det at han står på talarstolen som diktar like mykje som vitskapsmann, kjem klart fram alt frå første stund. Han seier t.d. i første foredraget at han vil "...om muligt meddele de efterlevende den Gnist av himmelsk Ild og de Glimt af Verdenslyset, som det slet ikke nytter at tage med sig i Graven...." (3). Med ei slik oppgåve for auga så vil han ikke koma forbi å måtte ta i bruk også sine evner som diktar (Jfr. kap. VII om språk og stil).

#### Skalden si oppgåve i folket.

I omtalen av den greske oppstanden mot tyrkarane kjem Grundtvig inn på skalden si oppgåve: Etter seks års kamp har grekarane lite eller ingenting vunne, men likevel set Grundtvig deira dåd like høgt som den fridomskampen dei gamle grekarane førte. Det som kan rettferdiggjera slike store tankar om den greske oppstanden, er ikke det som har hendt eller det som

hender no, men det som skal hende. Kor sikre vi sjølve enn kan kjenne oss anten på våre "poetiske Fremsyn" eller våre "historiske Formodninger", så må vi finne oss i at dei som ikkje ser det på same måten, kallar det svermeri eller urimeleg og latterleg gjetting. - Men det har alltid vore skaldane si lykke at dei kan tolle slikt utan å misse motet, for som myten fortel, så kom dei for seint då verdens herlegdom vart utdelt, men som trøyst fekk dei i staden fritt tilgjenge til Olymp. Og på same måten kan dei når augneblinken blir for trong for dei, svinge seg "smilende over Tidens Strøm". Snart kan dei gå attende til Homer og Brage med deira vide synskrins, og snart kan dei gå framover til komande dagar, "når, som Vola synger, de opstandne Aser sankes på Idas Slette, finde igjen de gamle Guldtavl og tale klart om alt det overstandne" (4).

Skalden si oppgåve blir difor, slik som Grundtvig kan forståast her, å vera med på å halde oppe eit håp hjå folket. Så lenge folket berre enno er til og "deres Hjærte henger fast ved de Bjørge eller Bølger, hvor Fædrene færdedes, og [hvor] Fædrene slumre, hænge fast ved Modersmaalet, hvori der blev sunget for Heltenes Vugge, fast ved Mindet om deres Storværk, - da skal deres Stjærne aldri være sunken saa dybt, den stiger jo etter til sin gamle Højde og tindrer kjendelig med samme Glans, kun oplyst af Aartusenders Erfaring med voxende Klarhed" (5).

Han brukar også uttrykket "Folke-Aandens fødte Præster" (6) om skaldane. Historia syner at det gjennom dei siste hundreåra rundt om i Europa var enkelte "Skjalde" som såleis var nokolunde i stand til å uttrykke seg i morsmålet om det usynlege i "Hjærne-Kisten og i Hjærte-Kamret", og dei uttrykte seg så lyst og levande at det ofte tiltala kvinner meir enn menn, dei små meir enn dei store og dei ulærde meir enn dei

lærde - "hvad efter Menneske-Naturens Love maa være Tilfældet med al folkelig Tale" (7).

#### Hans eiga rolle som skald.

Grundtvig kjem fleire gonger i "Mands Minde" inn på si eiga rolle som skald, og han stikk ikkje under stol det som han meiner han må ha gitt som sitt tilskot til den historiske forklaring. Som skald har han fått det som sitt kall å dikte om "Kæmpelivets, om det ædle, kraftige og muntre Folkelivs Gjenfødelse i Norden" (8). Den vesle fuglen som eingong song ved skaldevogga hans om dette, er enno ikkje død. Han har berre sett seg på handa, endå nærare hjarta. Når han er fylt av mismot i ei tid der nesten alt som blir kalla daning og opplysning stadig fjernar seg lengre frå livet og naturen, då er det ei trøyst å høyre fuglen syngje om kor uklokt det er å tru at ein står åleine når ein har Danmark til fedreland, "af alle dejlige Lande innvendig som udvendig det mest ensartede i Verden" og kor uklokt det er å "mistvivle om Gjeklang, om Understøttelse og Sammenvirkning, hvor man selv hører til det Folk, hvis Liv og Natur man stræber at opmuntre og opelske og føler si lykkelig ved" (9). Den vesle fuglen har også lært han at menneska er ikkje bøker i skinnbind. Avmakta i pennen når det gjeld å skapa noko som kan virke opplivande, er ikkje på nokon måte bevis mot at det enno er liv i folket, og det bør difor framleis vera håp hjå dei som elskar dette folket.

Det han ynskjer å fortelja med denne poetiske skildringa som her er attgjeve i kort referat, er at han i stunder av mismot kan hente styrke i at fuglen som song ved skaldevogga enno syng for han. M.a.o. at vissa om diktarkallet hjelper

han i kampen for å få menneska til å vende attende til "Livet og Naturen, som de levende gjenfødes og virkelig forynges i hver Efterslægt, for gjennem veklende Gestalter at virke i den samme Aand og nærmesig Forklaringen, hvortil Menneske-Livet altid sigter, og hvorefter Menneske-Naturen derfor immer længes" (10).

Ein annan plass syner han også til fuglen som eit symbol for diktaren i han (11). Når han no har fått mot til å bryte isen, ikkje berre til ei rettare vurdering av fortid og notid, men også til eit friare forhold og ein meir levande veksel-virkning mellom eldre og yngre, "som er al grundig historisk Oplysnings Betingelse", så er det ved å tenkje på myten om Fønixfuglen. Etter at Fønix var brent, vart det ved hjelp av sola utklekt ein orm av oska, som etterkvart voks fram til ein ny Fønix. Han ser i denne myten eit bilet på "Nyaarstiden", der "Oldtiden" skal stå opp att i fornys skapnad. Men han kjenner også noko liknande i seg sjølv. Det at han held desse foredraga - "mit nærværende Forhold til Dem, m.H." - ser han på som ein slik overgang, der "Bogormen" (eit uttrykk han ofte brukar om seg sjølv) strevar etter å skyte ham. Og går det som han vonar, så skal det koma fram ein liten fugl, som kan lære å syngje, - til glede for både partar (12).

I desse foredraga grip han, som nemnt, rett som det er til bletspråket. Det gjer han, seier han, fordi det berre er i biletet at vi kan sjå det uhandgripelege. De skal ikkje tru, seier han, det som blir sagt om at sanninga, anten den er heil eller halv, nødvendigvis må bli borte i bletspråket. Den falske framstillinga i bletspråket har same årsak som falsk framstilling i vanleg språk: "snart Løgnaktighed og snart Vankundighed" (13). Når bletspråket er kome i vanry, så er det fordi ein i ei åndlaus tid korkje forstår å bruke

det eller setja pris på det.

Endå eit døme skal nemnast på hans sterke og sjølvsagde identifisering med skalderolla, denne gongen i holdninga til det stoff han vil formidle: Han ser ut over historia utan omsyn til "kronometriske Snurrepiperier", det er dei store, mytiske linene som betyr noko. Han ynskjer at han ein gong seinare kunne "ledsage Dem op til Odins Lidskjål, hvor jeg ganske riktig, som Frej, har vovet at sætte mig en Gang og se ud over Midgaard med alle dets Folkestammer og deres Storværk i Tidenes Løb, fulgte med Øjet Tor paa alle hans lange Rejser og Hermod paa hans Ridt til Hel, for at spørge om Balder, - saa' det alt, men saa' intet, der saaledes fængslede mit Øje og vandt mit Hjärte, som Havfruen her under Lide med de ni Hjärter og de tre Løver, for hvem jeg gjærne gav alt, hvad jeg turde bortgive: alt undtagen Sandhed!" (14).

I Danmark, der det no etter Grundtvigs meining er i ferd med å skje ein heimkomst i åndeleg og folkeleg forstand, der har nettopp skaldane gått føre. "Skjalde-Sangene i Folkets Aand og efter dets Hjärte er baade en virkelig og en glædelig Begyndelse" (15). Desse skaldane, som etter ein folkeleg fimbulvinter på nytt kjente seg oppglødde for fedrelandet, har stemt opp den gamle høgsongen, som fuglane om våren, fortel han. Hjarta deira har kome heimatt til fedrelandet og har kjent seg oppliva ved det, slik at dei måtte juble på morsmålet.

Ein slik poetisk heimkomst er etter alle historiske merke eit sikkert varsel for ei herleg oppstode for folket. Det kan han sjølv seia noko om, ikkje berre fordi han er den einaste av dei patriotiske skaldane som historisk sett (dvs. som historikar) har reist verda rundt. Men viktigaste grunnen til

at han er "skikket til at avle og fostre et mere vel begrun-  
det Haab, end om den kom fra nogen anden Læbe" (16), er den  
at han gjennom heile ungdomen og gjennom den beste delen  
av manndomen har svinga mellom håp og frykt når det galdt  
framtida for folket Han har hatt "Lysalfen ved sin højre og  
Mørkalfen ved sin venstre Side, saa hans Kvad skiftevis og  
stundum forvirret gjenlød af Klokkerne, som ringede for Lig,  
og dem som kimede til Højtid" (17). Av skaldane i "vort ny Kor"  
er han den einaste som var nær ved å spå Danmark ille, fordi  
han opplevde kampen på liv og død som ein fortvila kamp "for-  
di Døden var nærværende og Livet kun tilkommende, som et uri-  
meligt Haab om de hensovne Guders og Kæmpers Opstandelse til  
ny Bedrift paa gamle Baner" (18).

Men sjølv hjå han har livet no fått bukt med døden og no  
"mødte dog... Mindet og Haabet hinanden lyslevende som Moder og  
Søn i et kjærligt Favnetag" (19). Han har ikke oppgitt den  
sterke oppglødinga han har hatt for alt det store han har  
sett i den gamle tida, men han innrømmer at han har late seg  
"forblinde af det ringe og fattige Udseende, som Nutiden havde  
i Sammenligning med Storhedens forrige Aldre, Oldtidens og  
Middelalderens, den første og den andre Stærkodders Dage" (20).  
Difor er det ingen som kan vera meir truverdig enn han når  
han no knyter så store voner til samtida, "ser Gyldenaaret  
allerede født, saa det behøver kun at voxer, for at udfolde  
sin skjulte Rigdom og ligne sine berømte Stamfædre" (21).

I desse foredraga, seier han, "paa Vandringen gjennem  
det sidste halve Aarhundrede, hvori mit eget Levnedsløb faldt",  
har han for kvart einaste steg han har teke, peika på eit  
livsteikn og prøvd å syne at den lyse sida ved notida, "en  
folkelig Opstandelse i Oldtidens Aand", er like så verke-  
leg som skuggesida: som er eit vilt opprør mot alt "hvad der

sidst havde Åren" (22)

Dei tre diktarane som han nemner av dei som har vore med i denne poetiske heimkomsten, er Øhlenschlæger, Ingemann og han sjølv. Men hans eigne kvad måtte "tilkæmpe sig Ørenlyd", fordi tonen, tankegangen og biletspråket i dei var nesten utdøydde i Danmark, slik at ånden i dikta til Øhlenschlæger og hjarta i Ingemanns sang måtte virke ei tid før nokon fann det umaken verdt å tenkje på kva det var Grundtvig ville seia.

Heller ikkje her let han vera med å dra paralellar med gamletida. Øhlenschlæger meiner han svarar til den gamle angelsaksiske Brage, Ingemann svarar til kjempevisene i mellomalderen, og han sjølv "med Skam at tale om" svarar til den islandske Brage eller til "Kragemalet, fuldt af mytiske Billinger og mørke Taler" (23).

#### Kampen for opplysning:

Det viktigaste midlet til å fremja den historiske forklaringa er for Grundtvig folkeleg opplysning. I "Mands Minde" seier han det så sterkt at det er sjølve hans borgarlege kall dette å gjennom opplysning kjempe mot motløysa og tvilen på at glansen frå oldtida kan fornyast i Danmark. Motløysa og tvilen, som for alvor fekk taket ved dei ulykkelege politiske hendingane i 1807 (tapet av flåten) og 1814 (tapet av Norge), er i hans augo Danmarks farlegaste fiendar.

Det var desse politiske hendingane som gjorde han til patriot, fortel han, og let han få auga på "Danmarks frugtbare Herliged" som vart borte fordi "vi miskjendte den og opofrede vor aandelige Selvstændighed og vor hjærtelige Rigidom, vor naturlige Tankegang og vort dejlige Modersmaal, for det fremmede, der, enten var stort eller smaat, vist eller galt, dog lige fuldt er os unaturligt, fortærer vor Kraft,

forknytter vort Liv og forspilder vor Lykke" (24).

Det har vore hans lyst alt frå 1807 å gjera alt han kan for å utbreie denne folkelege opplysninga, og på tross av alle feil han har gjort, så vil han halde fram med dette så lenge han kan røre tunga og føre pennen. For han er viss på at i same grad som denne opplysninga lykkast, så veks også motet, og håpet blir styrkt "i Skin af gamle Danmarks Lykkestjærne, den blideste og klarest, der gjennem Tidens Løb har tindret over noget Folk" (25).

### Latinskulen.

Latinskulen, med sine lange tradisjonar, vurderer han sterkt negativt. Den høyrer med til dei undertrykkingsmiddel som det verdenstyranniet som tre gonger har utgått frå Italia, har nytta seg av, og som han som historikar ikkje på nokon måte kan gløyme: Det er "Statstyranniet i Oldtiden, Kirketyranniet i Middelalderen og Skoletyrranniet til den Dag i Dag" (26).

Det han som historikar har merka seg av dette "Skoletyranniet", blir i høg grad forsterka av dei røynslene han personleg har gjort som elev i denne skulen. På mindre enn to år, fortel han, hadde latinskulen forvandla han til ein så kald, sjølvklok og lågstamma person at han ikkje lenger brydde seg om å følgje med i dei dramatiske historiske hendingane ute i verda, som han tidlegare hadde interessert seg så sterkt for, noko han hadde gjort like til den dagen han sette sin fot i "den forhexede Latinskole". Etter at han var komen der, merka han ikkje det minste korkje til Napoleons heimkomst og heller ikkje eingong til slaget ved Marengo.

Det virka som om han hadde sove, seier han. Den skulen han gjekk i, var så åndlaus, tom og keidsam at anten måtte han ha sluttat med det same, eller så måtte han lære å skamme

seg over å vera så sterkt oppteken av fedrelandet si historie, ja, han måtte lære å skamme seg over "hvert Glimt af Aand og hver Gnist af hellig Ild, der end fandtes hos mig" (27), og han må med skam vedkjenne at han valde det siste. Det må vera "en gruelig Blindhed hos vore troskyldige Fædre", seier han, som i den mest usikre og farlege alderen kastar oss inn i ein krins som er så fiendtleg innstilt mot alt som i høgare forstand er naturleg og levande og som er så full av alt som kan nedverdige, sløve og fôrderve mennesket (28).

Han understrekar at det er ikkje klassikarane og det å arbeide med "Oldtidens ypperste Mindesmærker" som han lastar, men berre latinskulen slik som han har kjent den, og det han kallar "Drenge-Videnskabeligheden". Den er "Aandens Pestilens" fordi "Drenge-Forstanden" ikkje er i stand til å fatte noko av alt det som høyrer ånden til, og når denne forstanden vinn sjølv tillit, så må den forkaste det heile og gjera seg byrg av ein "Hundeklogskab", det som ein i det 18. hundreåret vanlegvis brukte å kalle opplysning.

Det var berre kontakten med ein av medstudentane, bornholmaren P.N. Skougaard, som gjorde at han oppdaga at "uden for hele Examens-Kredsen laa der en Verden af Kundskaber, det godt lønnede Umagen at berejse". Dermed vart han berga frå "den Dovenskabs og Kjedsommeligheds Afgrund, hvori Skolefuxeri og Examens-Slendrian paa et hængende Haar havde styrtet mig" (29).

#### Verdien av opplysning i politisk samanheng.

Grundtvig legg fundamental vekt på verdien av opplysning, ikkje minst i ein politisk samanheng. Viktigaste årsaken til at tilhøvet mellom folket og fyrstane vart så spent og vanskeleg som det vart like etter at Napoleon hadde falle og i tida

framover, meiner han er "Mangel paa en riktig Anskuelse af Menneske-Livet, og paa sand Oplysning om det borgerlige Sel-skabs Grundvold, Tarv og Øjemed" (30).

Der "hvor Tidens Opgave skal kunne løses og en bedre Tingenes Orden gestalte sig", der må det undertrykte folkelivet reise seg, den "indslumrede Folkeaand" vakne og den forsømte folkelege opplysninga må "opelskes" (31), og han slår fast at all folkeleg opplysnings "naturlige Grundvold" er fedrelandets historie (32).

Når privilegia av ulikt slag er oppheva, så er det eitt som skal til for "paa den fredeligste, billigste og lykkeligste Maade at bringe alle borgerlige Forhold i deres naturlige Ligevægt, fremkalde og sikre al den borgerlige Frihed, der kan bestaa med fælles bedste ...., det er en fri Folke-Stemme og en folkelig Højskole" (33).

Ein ting burde Danmark ha lært av det som skjedde i Frankrike under revolusjonen, meiner Grundtvig, og det var at det trøngst til at vi vart langt betre opplyste om det felles beste før det var rådeleg å gi oss "Hals og Haand over Statsforfatning, Lovgivning og alle offentlige Indretninger" (34). Difor trøngst det først og fremst til ein høveleg "Oplysnings-Anstalt" for desse tinga. Ein slik "folkelig Højskole" er "en borgerlig Nødvendighed" i våre dagar, "da, uden fremskridende folkelig Oplysning, hverken Konger, Kollegier eller Folkeraad (rådgjevande forsamlingar) og National-Forsamlinger er i Stand til at vide og ramme det almindelige bedste" (35). Denne skulen må vera open for ungdom frå heile folket.

#### "Den folkelige Højskole".

Det er sørgeleg, seier han, at det ikkje i heile Danmark finst ein einaste plass der den delen av ungdomen, som korkje

kan eller vil lære latin, som korkje kan eller vil vera bokormar, kan møtast, og der dei ved sida av sitt borgarlege yrke kan få rettleiing og oppmuntring når det gjeld å dyrke og utvikle det folkelege, det danske hjå seg sjølve. Det er bruk for ein plass der dei kan få klargjort dei førestellingane dei har om fedrelandet og kva det har bruk for på ulike måtar, der dei kan få næring for kjærleiken til fedrelandet, "og venlig berøres af alt det udmærkede, Danmark i denne sin folkelige Retning har frembragt!" (36)

På denne skulen skal folket sitt eige språk, morsmålet, ha eineretten. Den enkle, men store oppgåva er å opplyse folket om deira eigen natur, fedrelandet og forfatninga deira og vidare "Kræfter, Midler og sande Tarv til fælles bedste" (37). Dette er det no Danmark manglar for å bli så klok på seg sjølv og sitt eige vel som det av naturen har evner til.

Dei som skal vera lærarar, som "Folkets livlige Ungdom" skal koma i fri og levande vekselvirkning med, må vera dei som ikkje har gløymt dansken over latinen, fedrelandet over "den klassiske Jordbund", "Danmark, vor søde Moder over 'alma mater' med Stilen og Ferlen" - eller sagt under eitt: som ikkje har gløymt mennesket over bøkene, livet over døden (38). Det er først under ei slik fri og levande vekselvirkning mellom livet og lyset at folket vil lære å setja pris på både oppløysinga av "Stavnsbaandet", skipinga av "Folkeraadet" og elles dei mange "Hjælpemidler til Folkelivets Oplysning, Oppmuntring og Tarv" som har kome til det siste halve hundreåret. Hittil har dette vore på papiret og har difor ikkje kunna hatt nokon verknad (39).

Den nye litteraturen, som Grundtvig set så store voner til, ikkje minst dei nydanske visene, frå Thaarups Høstgilde til Ingemanns Holger Danske, er altfor därleg kjende i Dan-

mark, påstår han. Litteraturen fløymer over av "Liv og Fylde i herlige Minder og lyse Forhaabninger" medan folket for kvar dag blir "dødere og dorskere, vrantent og modfaldent". Det som manglar for å bøte på dette, er det "kunstige Led som en fri og fokelig Skole i vore Tider maa være mellem Ungdommen og den i Enkeltmænd opstaaede, forklarede Folkeaand" (40).

Det som bør vera plassen for ein slik skule, meiner han, er det gamle Akademiet i Sorø. Der ville han først feie latinen ut, og så ville han samle alt det ekte danske som enno er til i "Følelse, Tungemaal og Tankegang" og la det fritt gjære ut i levande vekselvirkning. Med det vil han syne verda noko som den knapt vil tru: at det verkeleg er noko i Danmark som ikkje er rote, men "frisk og smuk og jndigt, i en Grad og en Forbindelse, som det ikke findes noget andet Sted i Verden" (41). Han vil syne at det verkeleg er noko folkeleg "som fortjente at bevares i sin naturlige Renhed og fortjente Frihed til i Fred at udvikle sig efter sine egne Naturlove til en dansk Bevidsthed, Oplysning og Forklaring" (42).

Skal "Folkeraadet" svara til føremålet sitt og "Folke-Stemmen" ikkje bli kjøvd i fødselen av dei latinske, tyske, franske "eller dog kunstige og boglige Veltalenhed, til An-prisning af egne Meninger og fremmed Herlighed", så må "Folke-Stemmen" verkeleg bli eit klart og mektig uttrykk for folket si kjensle og naturlege tankegang. Det er ikkje nok at det er fastsett avgrensingar for kor mange stemmer prestar, professorar eller juristar skal ha, fordi "den mest fremmede eller forkerte Vidskab og Dannelse vil, saa länge det gaan paa Munden og ej paa Haanden løs, altid vinde Sejr over det folkelige og naturlige, hvor den tilsvarende Vidskab og Dannelse fattes" (43).

Dersom ein skulle finne ein slik "folkelig Højskole" overflødig, så måtte det vera fordi ein i grunnen forakta dansk og at dansk opplysning, vitskap og daning var tome ord utan vekt og verdi. Men den som ikkje sjølv har så mykje dansk natur i seg at han utan vidare kjenner at dansken har rett til å herske i landet, han må likevel ha møtt "en saa yndig Natur i danske Børn og saa megen Vidskab og Dannelsel i ulytinske, i danske Kvinder", at det er umogeleg for han å kalle dansken eit barbari som skal utryddast (44).

I eit av utkasta til den første forelesinga seier Grundtvig det heilt klart at det er ungdomen som er den rette "Opplysningsalder". Vi skal arbeide for å vinne denne ungdomen, "ikke for nogen afsluttet og bestemt Tingenes eller Tankernes Orden, men for Livet, det ædle, virksomme Menneske-Liv..." og vidare: "vinde Ungdommen for et saadant Liv og for Lysten til at se dette Liv oplyst og forklaret, for Benyttelsen af Levneds-Løbet til at blive klog paa de vidunderlige Love, Livet, hvor regelløst det end i sin Frihed synes, dog ufravigelig følger" (45).

Fordi historia er "Livs-Erfaringen" i det store, så er det ikkje berre det beste, men også det einaste som ein kan opplyse ungdommen med. Ungdomen manglar livserfaring og må lære av andre si erfaring. Men den erfaring: det enkelte menneske kan gjera blir likevel avgrensa og fattig (Jfr.s.15). Historia derimot tilbyr både unge og gamle si rike og sikre erfaring, seier han, "som en Mimers-Kilde, der hos alle kan slukke Tørsten efter Menneske-Kundskab" (46).

#### "Den levende Vexelvirkning".

Omgrepet "Vexelvirkning" er hjå Grundtvig nær knytt til fridomen. Den er eit avgjerande vilkår for at vekselvirkninga kan koma i stand. Difor føyer han som oftast til "fri" eller

"en fri og levende Vexelvirkning". K.E. Bugge set "Den levende Vexelvirkning" opp som det han kallar "opdragelsesteoriens funktionelle kategori" (47). I mange ulike samanhengar, men aller helst i samband med opplysningstankane sine, legg Grundtvig vekt på at det må koma i stand levande vekselvirkning. Denne vekselvirkninga er ein prosess, eit liv som blir til under dei rette vilkåra er tilstades, og gjennom denne prosessen vil opplysinga kunne bera frukter.

Også i "Mands Minde" er omgrepene berre med eit par unnatak brukt i pedagogiske samanhengar. I den 4. forelesinga talar han om at "Folkets livlige Ungdom træder i fri og levende Vexelvirkning med dem af os, der, om vi ingenlunde gik gjennem Helvede ubrændte, gjennem den sorte Skole uskadte..." (48). Like etter kallar han dette som såleis skjer "en fri og levende Vexelvirkning mellom Livet og Lyset". Uttrykket er trulegvis lettast å forstå når ein ser det i samanheng med det grundtvigske omgrepene "Livsopplysning", som er eit nøkkelord hjå Grundtvig. "Oplysning" vil seia at det skal kastast lys over eitkvart, i dette tilfelle livet. Og livet er her ikkje eit teoretisk omgrep, men det konkrete liv, slik som det blir levd av menneska til kvar tid. Vekselvirkning mellom "Livet" og "Lyset" vil vi då kunne tolke som vekselvirkning mellom dei som skal formidle "Lyset", dei som opplyser, og "Livet" slik det artar seg for dei menneska som skal ta mot opplysinga.

I samband med ein omtale av tilhøvet mellom vitskapen og menneskelivet og måten han legg opp desse foredraga sine på, understrekar han at det er ein feil han gjer når han talar åleine, slik at det ikkje kjem til nokon levande vekselvirkning mellom tilhøyrarane sine tankar og hans. "Men også det er Følgen av vor bagvendte Dannelses og Videnskabelighed",

påstår han, "der slet ikke var beregnet paa noget virkelig Udbytte for Livet, men enten paa med Mund og Pen at levere Kunststykker..." (49). Han er ikkje redd for å seia at han ville sjå all sin tale om "det borgerlige Selskabs og Menneskehedens store Anliggender" for bortkasta, når han ikkje med det kunne gjera sitt til å få i gang den "levende Samtale derom, som ene kan til Gavns oplyse og klare Begreberne" (50).

Han fortel at han no har fått mot til i desse foredraga, ikkje berre å bryte isen til ei rettare vurdering av fortid og notid, men også til eit friare "Forhold" og "en mere levende Vexel-Virkning mellom eldre og yngre, som er al sand Friheds og al grundig historisk Oplysnings Betingelse" (51). Det er verd å legge merke til at her er det vekselvirkninga som blir sett opp som vilkår for fridomen.

Det er "Fuskeri", seier han ein annan plass, "Fuskeri med vor Behandling af Modersmaalet, Fuskeri med vore historiske Forelæsninger, Fuskeri med den Tjeneste vi gjør vore Tilhørere, saa länge vi tale alene og ej forstå ved en levende Samtale at indlede og vedligeholde den almindelige Deltagelse og Vexel-Virkning der er Højskolens Liv og fremskridende Oplysnings Betingelse" (52).

I omtalen av planane sine for Akademiet i Sorø seier han at han vil arbeide for å "samle dør paa én Plet alt det ægte danske, der endnu er til i Følelse, i Tungemaal og Tankegang, og lade det frit gjøre ud i levende Vexel-Virkning..." (Jfr. s. 72) (53).

Det store romet som omtalen av "den folkelige Højskole" har fått i "Mands Minde", gjer at ein nokså trygt bør kunne rekne boka med mellom Grundtvigs skuleskrifter. Dei tankane om skule og opplysning som han her legg fram, ser rett nok

ikkje ut til på noko vesentleg punkt å skilja seg frå det han elles legg fram av skuletankar i desse åra. Men det som gjer boka særleg verdfull som kjelde til kunnskap om synet hans på folkeleg opplysning, er den historiske og politiske samanhengen som desse tankane heile tida blir sett inn i. Den pedagogiske tenkjinga kan her i høg grad seiast å vera innvove i hans refleksjonar omkring den historia han omtalar, og står dermed fram i nært samband med det overordna synspunktet hans, "den universalhistoriske Anskuelse".

## VII. Språk og stil.

### Innleiing.

Peter Skautrup slår i "Det danske Sprogs Historie" fast (1) at Grundtvig står som ein veldig skapar i den danske språktradisjonen. Det gjeld både ved at han fornyar språket og at han levandegjer på nytt eldre språklege uttrykk.

Skautrup legg vekt på at mykje av det særeigne i språket til Grundtvig kan forklaraast ut frå hans psykiske konstitusjon. Han hadde heile sitt liv sterke manio-depressive drag, men for det aller meste med klar overvekt på det maniske (2). Dette førte med seg at han ofte hadde vanskar med sjølvkontrollen når han skreiv eller tala. Han hadde vanskeleg for å stoppe, og særlig når han i stigande grad var meir og meir oppstemt, kunne han skrive så ubunde og ukontrollert at den logiske samanhengen kunne bli uklar, eller til og med bli borte (3). Dette kan oppfattast som eit utslag av mani, der eit typisk drag er både uhemma snakking, brå skiftingar i assosiasjonsrekka, ein hang til reine lydassosiasjonar og også ein tendens til å la tankerekka bli avleidd til dei sidespora som til kvar tid måtte opne seg.(4)

Ofte kunne difor den skriftlege framstillinga hans ta nok så uventa vendingar som kunne resultere i rekke av kjedereaksjonar "med gnister i brandere og zigzaglyn i flertydige ord eller ordforbindelser"(5). Dette medførte ikkje sjeldan uttrykk som vart oppfatta som stillause, og som støytte samtidia sterkt. Sjølv forsvara han slike trekk i stilien, eller han oppfatta dei ikkje, fordi forma fullt ut svara til den psykiske tilstand han var i då han skreiv (6).

Helge Toldberg legg vekt på at denne store assosiasjonsrikdomen ikkje berre er tilstades i dei kritiske periodane, men

alltid når han er opplagt til arbeid. Det er eit trekk som høyrer med til prosastilen hans gjennom det aller meste av hans produksjon, også i han beste verk, og det set sitt preg på forskningsresultata hans i dei periodane der hans sjellelege tilstand ikkje på nokon måte kan seiast å vera svekka eller unormal (7).

Dei områda der Grundtvigs særeigne språk kjem fram mest karakteristisk er, etter Skautrups vurdering, for det eine i prosaverka hans, først og fremst omsetjingane av Saxo og Snorre, der han ynskjer å bruke eit språk som han kalla "borgestuedansk". Det andre området er det religiøst-poetiske, der salmane og sangane har eit sterkt og originalt fellespreg som gjer at ein trass i store variasjonar i stil og tone, nok kan snakke om eit grundtvigsk salmespråk.

Då Grundtvig hadde fått i oppdrag å omsetja Saxo og Snorre, sende han i 1815 ut eit hefte med prøver på omsetjinga. I innleiinga gjer han greie for føremålet med arbeidet. Han tenkjer ikkje på å gi nokon ordrett omsetjing, men vil gjengi skriftene i "deres eiendommelige Aand, i et let, fatteligt og trohjertig Sprog" (8). Prøva vart inngåande vurdert av kunnige språkfolk, som var samde om at Grundtvig hadde lagt for mykje av seg sjølv i språket. Det som forfattarane hadde av "Adel og Værdighed i det prosaiske Foredrag", var i Grundtvigs omsetjing erstatta av eit språk der ein kunne finne "det Høie og Lave, det Genialske og Platte, det Ædle og Burleske i de mest uventede og uharmoniske Blandingar" (9).

Grundtvig avviste denne kritikken blankt. Han hadde den faste overtydinga at det var hjå folket at det danske morsmålet alltid hadde levd, og dette språket skulle no bli gjort levande att, litterært. Grundtvig oversåg her skilnaden på skrift og tale, og han tok feil då han trudde at han hadde nådd fram til

ein folkeleg forteljestil. Etter Skautrups meining kjende Grundtvig bøndene for därleg når han trudde at ein historisk tekst kunne bli folkeleg lesnad ved at han vart tilsett ei viss mengd med daglegdagse ord, dialektord og kraftuttrykk. Bøndene også ville at det skulle haldast oppe eit visst "dekorum" i litteraturen. Skriftspråket skulle haldast fri for kraftuttrykka i talespråket. Så vart då også "borgestuedansken" utsett for hånlege parodiar i dei litterære sirklane i samtida.

Språket i desse omsetjingane var altså meint å skulle bera preg av både det jamne folkelege og det djerve og kraftige, men Grundtvig har ikkje klart å halde att, slik at stilen har vorte overmetta. Resultatet har difor vorte ein overeksponert og ujamn prosastil "der egentlig kun kunde tilfredsstille og føles naturlig af een person: Grundtvig selv", seier Skautrup (10).

#### "Mundtligheden".

Vi har tidlegare nemnt (kap. V) den store forrang som Grundtvig gav det muntlege, levande ordet, framfor ordet i skrift, som eit middel til å formidle åndeleg liv på ein kvalitativt annan måte. Eit spørsmål som reiser seg då, er om noko av denne skilnaden kan påvisast i "Mands Minde"-tekstene, i ordval og syntaks t.d., eller om det særeigne for det muntlege berre kjem fram i det personlege uttrykket som kjem i tillegg til orda, slik som det verkar i samspel med tilhøyrarane og med talesituasjonen i det heile? Har Grundtvig bewisst eller ubevisst late si språklege framstilling i manuskripta ta farge av at desse tekstene skulle vera grunnlag for det som i tale skulle formidlast til forsamlinga? Med andre ord: Kan det påvisast drag av "Mundtlighet" i "Mands Minde"?

For å prøve å finne svar på dette har vi samanlikna eit av foredraga i "Mands Minde" med ein prosatekst som er skriven

for utgjeving. Teksten vi har valt til dette føremålet, er "Til Nordmænd om en Norsk Høiskole" fra 1837 (11). Frå "mands Minde" har vi teke ut førelesing nr. IV (halden 27. juni). Denne førelesinga er av ein slik karakter at ho skulle gi eit nokolunde dekkjande inntrykk av stilen i store deler av boka. Både temaet og graden av personleg engasjement ser ut til å vera nokolunde likeverdig i dei to tekstene. Lengda er den same.

Samanlikninga er gjort på 3 punkt: 1. Daglegdagse ord og vendingar. 2. Frekvensen av substantiv. 3. Lengda på setningsperiodane.

1. Ei framstilling som ber preg av "Mundtlighed" skulle ein kunne rekne med vil gjera oftare bruk av daglegdagse ord og vendingar. Men det syner seg at her er det snårare det motsette som er tilfelle. I "Mands Minde"-teksten finn vi uttrykk som dette brukt: "splittergalt", "soleklart", "til Stads", "kaadhed". Medan det i "Til Nordmænd ..." er langt fleire: "hvad der slaaer Knuden", "sladderagtigste", "kaste Vrag paa", "kyse Livet af", "raaber af fuld Hals", "ført os paa Halsen", "saa smal en Kost", "sværter", "Pokker i Vold", "galenskab", "snue og trædske".

2. Når det gjeld frekvensen av substantiv, som etter undersøkingar som er gjort, skal vera klart høgare i skriftspråkprega stil enn i stil prega av talespråk (12), så er den høgast i "Til Nordmænd...", 19%. I "Mands Minde"-teksten er den på 16% (I kap. I er den 17% - til samanlikning). Skilnaden er likevel for liten til at ein kan legge noko særleg vekt på det.

3. Lengda på setningsperiodane vil som oftest vera kortare i talespråk enn i skriftspråk. I dei tekstene som blir samanlikna har "Mands Minde" eit gjennomsnitt på 113 ord i perioden. I "Til Nordmænd..." er lengda på 109 ord. Her er det altså talemanuskriptet som har dei lengste periodane.

Ut frå denne samanlikninga må det kunne seiast at det på tre vesentlege punkt ikkje er nokon særleg skilnad på eit manuskript til eit av foredraga i "Mands Minde" og ein tekst som er skriven for å lesast av eit publikum, når det gjeld muntlege stildrag. Dette ser ut til å vera i samsvar med Skautrups karakteristikk av talarspråket i det 19. h.å.: "for det store flertal gjelder det dog nok, at man i ikke ringe grad er undergivet indflydelse fra skriftsproget, hvad der vel delvis beror på den forudgående nedskrivning af talen eller dens hovedpunkter" (13).

Dei element av talespråk eller "Mundtlighed" som måtte finnast i "Mands Minde" ser difor ut til å vera der meir fordi dei er ein del av Grundtvigs måte å uttrykke seg på i det store og heile enn at tanken på den muntlege framføringa av foredraga skulle ha gitt stilens sitt sær preg.

#### "Nokre stilistiske drag i "Mands Minde".

Vi finn store variasjonar i uttrykksmåten i "Mands Minde", alt etter kva slags emne forfattaren til kvar tid har for seg. Men som eit generelt drag kan ein nok slå fast at her finn ein ein prosastil som i høg grad ber preg av at Grundtvig er diktar og ikkje berre historikar. Dette er forresten fullt i samsvar med Helge Toldbergs samanfattande karakteristikk av denne delen av Grundtvigs produksjon: "...største delen af det faglige forfatterskab er underkastet subjektivitet og fantasi" (14). Grundtvigs eigen karakteristikk av seg sjølv som "hælvten Skjald og hælvten Bogorm" (15) gjeld også i høgaste grad for "Mands Minde".

Dei stildraga som vi vil konsentere oss om, er 1) hans bruk av ordtak og daglegdagse vendingar, 2) samansetjingar, 3) den omfattande bruken av biletar og 4) verkemiddel i form av

visse stilfigurar.

### 1. Ordtak og daglegdagse vendingar.

a) Ordtak. Grundtvig hadde omfattande kjennskap til dei danske ordtaka. Mykje av dette stoffet hadde han frå barndomsmiljøet i Udby og seinare i Thyregod. Han tok tidleg til å skrive ned det han kom over og hadde sterk interesse for folkelege fyndord så lenge han levde (16). I 1845 gav han t.d. ut "Danske Ordsprog og Mundheld" med over 3000 ordtak (17). I "Mands Minde" går ordtaka inn som eit heilt naturleg element i hans måte å uttrykke seg på. Både dette og hans bruk av daglegdagse vendingar (sjå nedanfor) gav stilten hans spennvidde og var uttrykk for ein språkleg originalitet som måtte virke endå sterkare sett på bakgrunn av at dette var førelesingar der han som historikar sto framfor ei heller akademisk orientert forsamling.

Når han t.d. under skildringa av Napoleons krig i Syria fortel kva Napoleon sa til soldatane sine, kommenterer han slik: "Se det var groft; thi alle, hvem der vidste, hvad Ræven sagde om Rønnebærene, maatte nødvendig anvende det paa ham" (18). Eller som han seier det når han fortel om synet han har på "Tyskheden": "...jeg har Ord for at være næsten lige saa bitter en AFjende ad Tyskerne som ad Romerne: ad det hellige som ad det vanhellige romerske Rige; og da der, efter Ordsproget ikke gaar Røg af en Brand, uden der er Ild i den, formoder jeg selv, det hænger, i dette Stykke som i flere, ikke saa ganske rigtig sammen med min historiske Upartiskhed" (19).

Når han talar om sitt forhold til Danmark, kan han seia det på denne måten: "Det er en Knibe at være i, m.H., naar det synes som man maa slaa sig selv paa Munden, hvordan man drejer sig; men siger Ordsproget: "Det er en daarlig Kusk, der ej kan

vende", hvilken jammerlig Digter maatte jeg da ikke være, om jeg ikke kunde hitte paa en Vending til at forsvare min Kjærlighed og den deraf udspringende Ros, var den end lidt overdreven..." (20).

Andre døme på ordtak som vi finn i "Mands Minde": "driver Lysten alltid Værket", "Lykken er bedre end Forstanden", "alle gode Ting er tre", "til Vennehus er aldrig Omvej", "gjort Gjæringning staar ej til Andring", "fornøden Sandhed er ingen Mand for broget", "mange Bække smaa gjør en stor Aa", "Skam og Skade følges ad", "Man triller aldrig et Åble saa langt, det smager jo af Roden", "det er ligesom i Kortspil: dør gjælder ikke engang Broderskab", "slaa Vand i Blodet", "skrive i Glemmebogen", "afside Myggen og nedslugte Kamelen", "Hvem der sover, synder ikke", "fløj op som en Løve, men faldt ned som et Lam", "et magert Forlig er bedre end en fed Proces", "sætte Tæring efter Næring", "vor Herre er Daarerne Formynder".

b) Daglegdagse vendingar. Den sterke kritikken som Grundtvig fekk både frå samtida og ettertida for stilien i omsetjingane av Saxo og Snorre (21) kan etter vårt skjøn ikkje utan vidare gjelde for stilien i "Mands Minde". Det programmatiske "borgestuedansk" er her avløyst av ein stil der rett nok innslaget av daglegspråk er heilt tydeleg, men der desse orda og vendingane har ein klar funksjon i at dei nyanserer og legg farge og liv til framstillinga, utan at dei verkar som framandelement, som t.d. i setningar som dette:

"Er man fej, da lader man sig vel udskrive og trække ved Haarene til Slagterbænken, i det Krysterhaab: maaské dog at hytte sit Skind; men er man kjæk, da vover man naturligvis heller sit Liv mod sine Fjender end i deres Tjeneste; og dermed er Vendeer-Krigen baade forklaret og forsvarer" (22).

"Danton havde ingen Lyst til at lade det komme til Haand-

gribeligheder, hvor intet var [for] ham at vinde, men vel at tabe, saa det gik lidt i Langdrag med Kjævleriet; men da Danton mærkede, Girondisterne ogsaa vilde ham til Livs, tog han alvorlig fat" (23).

"thi det beviser klarlig, at hvad end Fyrsterne tænkte og følte, saa var Sjæl og Krop de store Magters Ministre hip som hap; thi hvad de kaldte Sjæle, behandlede de unægtelig som bare Kroppe, da de ordnede Evropas Forhold ene efter Alenmaal og statistiske Tabeller..." (24).

"At saaledes Hollændere og Belgiere vilde forliges som Hunde og Katte, det var let at forudsé" (25).

"man ønskede ham med al hans mulige Dyd og Kristendom dog Pokker i Vold, jo før jo heller" (26).

I tillegg til dette kan ei rekkje enkeltståande ord og vendingar frå daglegspråket nemnast som døme:

"Haand i Hanke", "give Dem sort paa hvidt for", "en drøj Pille", "en Rem af Huden", "tog dem Brødet af Munden", "med Nød og næppe", "katolske i Hovedet", "paa et hængende Haar", "hverken Fugl eller Fisk, men et Tvetulleri og i Grunden et Utske", "taale et Rap", "Kurre paa Traaden", "forgabe sig", "et surt Åble at bide i", "Danmarks Kjæledægge" (om Ingemann!), "Skakren og Griseri", "hellig og søgnt hulter til bulter", "Hundeklogeskab", "Kattepine", "Rips-Raps", "Grillenfænger", "prutten", "Galimatias", "hasebinde", "rive af Pinden".

## 2. Samansetjingar.

Nemnast for seg må dei mange samansetjingane|som Grundtvig brukar i "Mands Minde", som i språket sitt elles. Han brukar svært ofte også bindestrek, som gir kvart av ledda særleg vekt. Det fører til at den opphavlege tydinga av leddet får vekt ved

sida av tydinga av samansetjinga, noko som særleg er eit barokt stildrag (27). Denne forma gir større vekt og breidde i framstillingsmåten, men det er vel lite truleg at bruken av bindestrek har hatt nokon verknad ved framføringa av foredraga. Nokre døme: "Menneske-Livet", "Kæmpe-Åt", "Skjalde-Vugge", "Regjerings-Tid", "Vexel-Virkning".

### 3. Biletbruken.

Eit karakteristisk drag ved stilten i "Mands Minde" er den store rolla som bruken av biletene spelar. Med "bilet" er her meint det som i stilistikken blir kalla "ordfigur" eller "trope". Ei inndeling i undergrupper i samsvar med tradisjonell stilistikk (28) i t.d. metafor, metonymi, synedoke m.v. vil i denne samanhengen føre for vidt. Derimot vil vi for å prøve å syne mangfaldet i biletbruken og dermed rikdomen i det språklege uttrykket, gjera ei enkel inndeling ut frå ulike tydingsområde som biletene er henta frå.

Vi har valt å samle biletene i grupper på denne måten:

- a) Nordisk mytologi, b) Klassisk mytologi, c) Bibelen, d) Menneskelivet, e) Naturen, f) Dyreverda, g) Livlause ting.

a) Nordisk mytologi. Trass i at emnet for "Mands Minde"-foredraga er dei siste 50 års historie, så kan ein likevel registrere at mytologien, både den nordiske og den greske, er eit område som Grundtvig hentar ein stor del av biletene sine frå. Dette er etter vårt syn eit klart uttrykk for at mytologien ikkje berre var eit felt som han hadde inngåande kjennskap til, men at han hadde levd seg inn i den, og det så sterkt at den gav ein ikkje uvesentleg del av hans språklege tilfang. Dertil kom då at Grundtvigs historiesyn (sjå kap.II) gjorde at han i stor grad vurderte dei historiske hendingane i lys av mytene, og det også har truleg sett sitt preg på biletbruken. Eit døme

på dette: I omtalen av Napoleon og hans "aandløse Betragtning af alle menneskelige Forhold, efter Tal, Maal og Vægt", peikar han på korleis dette må virke opprørande på kvart poetisk og religiøst gemytt, særleg i Norden, "hvor man fra Arilds Tid regnede alle saadanne Stormænd til de hundekloge Jætter med Stenhjærtet eller til Troldene, der vilde ødelægge Verden, hvis der ikke var Torden eller, i deres ejendommelige Billedsprog: hvis ikke den knusende Torshammer var immer ved Haanden til at danse paa deres Isser" (29).

Danmark kan han t.d. skildre som "Nordens udødelige Havfrue, hvis Skjønhed aldrig falmer, uden for at forynges som Bøgen og Blomsten i Enge, ja, som ikke blot selv bestandig forynges paa ny i Tidernes Kreds-Løb, men har som Idunne de rødmussede Åbler, som forynger alle hendes Venner, naar de spises Paaskemorgen" (30). I tillegg til det mytologiske biletet har han i denne setninga også fått med biletet fra folketruva, "Havfrue", og fra Bibelen, "Paaskemorgen" (sjå nedanfor).

I samband med Englands aksjon mot Danmark i 1807 taler han om "den Skibskjæde, der som en Midgaards-Orm omsnude vore Øer" (31).

Av den lange rekkja mytologiske ord og omgrep som går inn i biletbruken, skal vidare nemnast; Odin, Udgårds Loke, Gerda Gymersdatter, Brage, Freje, Skjoldmø, Valkyrje, Lidskjålsv, Folkvang, osv.

b) Klassisk mytologi. Frå den klassiske mytologien er det også henta ei rekkje biletet: "vi lever i Begyndelsen af en Nyaars-Tid, da alt, hvad der skinnede i Oldtiden, vil, saa vidt muligt, hæve sig som en Fønix af sin Aske, fuldføre og forklare sit Levnedsløb" (32). Elles finn vi Prometevs, Herak-

les, Hebe, Oidipus, Pallas Athene, Ares, Mars osv.

Når det gjeld desse bileta, så må vi også rekne med at biletbruken i den retoriske tradisjonen i samtida i ikkje uvesentleg grad har spela inn.

c) Bibelen. Eit påfallande trekk ved biletbruken i "Mands Minde" er at det er svært få av bileta som er henta frå den bibelske/kristelege sfären, eit område som var Grundtvigs i høgaste grad. Ei forklaring på dette er at han etter "Omvendelsen til Virkeligheden" omkring 1830 la sterkt vekt på å halde den kyrkjelege og den profane talarstolen kvar for seg (33). Men nokre få innslag er det. Han kan t.d. seia det på denne måten: "de litterære Hof- og Stadsrets-Processer, som jeg kalder vor Litteraturs Nedfart til Helvede" (34).

Elles finn vi uttrykk som "Engel", "forloren Søn", "Torne-Krone" og "Paaskemorgen".

d) Menneskelivet. Bilete med tilknytning til menneskelivet finn vi også mange av. Han kan t.d. gi dette sterke og fortetta biletet: "mødte dog omsider Mindet og Haabet hinanden lyslevende som Moder og Søn i et kjærligt Favnetag..." (35).

Andre biletet:

"vor Hovedstad som en blandt al Verdens Hovedsteder nu om Tide mageløs Foster-Moder for den historiske Idyl og i det hele for folkelig Poesi og Smag" (36).

"et Folks Modersmaal er deres Øjesteen" (37).

"Tyskland, der, hvad enten døt, som tyskerne paastaa, er Evropas Hjærte eller, som mig synes, Evropas Mave, unægtelig er en stor Del af Legemet, som har megen Indflydelse paa Hjærnen, altsaa paa Tankegangen i vor Verdens-Del" (38).

"en besynderlig Rørelse, lig den, der beskrives i den gamle Spaadom om de døde Ben, der røre sig og krybe sammen, for efterhaanden at gestalte sig, oplives og forny deres Dage" (39).

e) Naturen. Eit anna område som mange av biletta er henta frå, er som ein kan vente, naturen.

Om seg sjølv seier han: "thi han følte sig langt bedre hjemme mellom Gravene end i de grønne Lunde, [bedre hjemme dèr,] hvor Bautastenene stod tykt og tæt med mange Runer og med gaadefulde Mærker, end hvor Blomsterne grode mylrende og vildt i Enge, eller hvor de opelskedes i rige, glimrende og duftende Flor i Urtegaarden" (40).

Andre døme:

"kun fordi jeg her ser en smilende Fremtid i Møde, der kun behøver historisk Oplysning, for at udvikle og udfolde sig i al sin Glans, som vort dejlige Land i denne Sommer-Aften kun trænger til Morgen-Solen, for at forlyste vore Øjne" (41).

"det vingede Ord, der bevæger Hjørter, som Vindene Havet" (42).

"hvilke to store Nordlys der opgik i Øhlenschlæger og Thorvaldsen, har vi alt set" (43).

"han (Frederik VI) stod for Styret, før endnu Bjærget i Vesten begyndte at sprude, og staar der endnu, efter at Vulkanen er udbrændt og en Stilstand vunden, før et Jordskjælv fra Østen styrter alt, hvad der ej er grundfæstet i Folkenes Hjærte" (44).

"Latinen herskede, og Døden herskede ved den, ligesom ved Synden; men nu oprandt Frederik Sneedorff med Thomas Thaarup som en Kvist af tør Jord, og Hovedstaden forundrede sig" (45).

f) Dyreverda. Bilete henta frå dyreverda kan setjast opp som ei gruppe for seg. Det er her, som i mykje anna av det Grundtvig har skrivi, svært mange biletar som har med fuglar å gjera. Det gjeld fuglane både som syngjande og flygande vesen:

"den lille Fugl over Issen, der sang for min Skjalde-Vugge ... den lille Fugl er ikke død, og sank den lidt, da var det kun for at sätte sig paa Haanden, Hjærtet lidt nærmere; og hvilken behagelig Forskjel det gjør under videnskabelige Bestræbelser, som altid har en Del til fælles med Jagten, ej at have Høg eller Falk, men en Sangfugl, paa Haand, det ved kun hvem der har prøvet det" (46).

"begejstret for Menneske-Slægtens Ørne-Flugt i sin poetiske Ungdom og for dens Kæmpeskridt i sin ret egentlig historiske Manddom og derved stærkt indtagen mod dens Sneglegang i Nutiden" (47).

"Eller er ikke ogsaa i hans Danmark Troskabsfuglen graa og Fædres Høje grønne?" (48).

"hvad ellers af en Rimsmed og Bogorm var uhyre latterligt: at gjøre sit eget Levnedsløb til Ramme for et Spejl af den nærmeste Fortid" (49).

"jeg føler den dybe Uvælje, som skal besjæle os, naar Asnet sparker den døende og den døde Løve" (om Napoleons fall) (50).

"været Løver mod deres Fjender og Lam mod deres Venner" (51).

"det nyttar ikke os Græshopper at spille Guder" (52).

"følge den blinde Drift som uvane Dyr" (53).

g) Livlause ting. Ting som har tilknytning til mennesket er eit område der også mange av bileta er henta frå. I ein om-tale av Øhlenschlägers dikting kan han uttrykke seg på denne måten: "Dette alene udgør en poetisk Rigdom, der uden Tvivl, naar den bliver ret bekjendt, vil vække selv det ogsaa poetisk rige Englands Misundelse, [men] lader sig til Lykke hverken tage med Staalhandsker eller med gloende Tænger" (54).

Av andre "tinglege" biletet kan nemnast:

"først nu blev min Mund opladt, ligesom blot til et pinligt Forhør paa Gravens Bred" (55).

"det vingede Ord...kan....ej nævne Liv, saa Dødens Lænker springe" (56).

"Menneskene er ikke Bøger i Skindbind" (57).

"og naar jeg desuagtet ej lagde alle Aarer om Borde for at komme ud paa Dybet, hvor Ordet lyder og Aanden virker" (58).

I tillegg til dette må nemnast at biletbruken til sine tider kan få ein nesten burlesk verknad: "...Kejser Josef den anden, som tillige med Fredrik og Katrine den anden udgjorde et Kløverblad i Højelofte, hvortil deres Samtid virkelig trode, der aldrig fandtes Mage" (59),

eller: "Drøbelen var uoprejseelig sunken" (om sin eigen situasjon før han skal til med desse foredrag) (60),

eller: "... thi Ingemann var mig allerede den Gang Termometret for Danmarks Hjærte" (i 1824, då "Valdemar den store og hans Mænd" kom ut) (61).

Av og til, men ikkje ofte, kan biletbruken vera haltande, dvs. det er ein mangel på logisk samanheng, som t.d. når han talar om "det folkelige Statsraad" i 1834 som "Moder til Kæmpe-Skridt" (62), eller om historia som skal likne ein fugl "der paa Ørnevinger sejler stolt over Tiderne, udspejder med Falke-

syn de store Begivenheder" (63), eller om vitskapen som "en Bogorm, som havde kun Lyst til at gnave paa Mindesmærkerne af Oldtidsfuglens høje Flugt og dejlige Sang" (64).

#### 4. Stilfigurar.

"Den danske romantik bliver båret frem på strømme af veltalenhed", seier Jørgen Fafner i boka si om den retoriske tradisjon i Vest-Europa (65). Denne "veltalenhed" var rett nok ikkje som tidlegare så sterkt bunden til dei normer som den vitskapelege retorikken hadde utkrystallisert, like attende frå Aristoteles, Ciceros og Quintilians dagar. Men også i det 19. h.å.

spelte den retoriske tradisjonen framleis ei stor rolle. I latin-skulane hadde det gjennom mange hundre år vore undervist i retorikk som ein del av "trivium" (saman med grammatikk og dialektikk) (66) og då morsmålet for alvor fekk plass i latinskulen i siste halvpart av 1700-talet, så følgde retorikken med (67). Så seint som i 1810 gav Jacob Rosted, lærar ved Christiania Katedralskole, ut ei lærebok i emnet: "Forsøg til en Rhetorik" (68).

Vi kan difor gå ut frå at Grundtvig var vel heime i den klassiske retoriske tradisjonen. Men det var mange og sterke grunnar til at han ikkje skulle kjenne seg bunden av den. Ikkje minst hans tankar om fridomen og det folkelege, understøtta av hans særeigne gemytt, gjorde at han oftast såg suverent bort frå krava til "reenhed, begvemhed, bestemthed" i stilten (69). Og i "Mands Minde"-foredraga finn vi heller ikkje noko att av den klassiske inndelinga i dei 6 fasane, frå "Exordium" (innføring) til "Peroratium" (avrunding) som ein "regelmæssig og formelig" tale stilte krav om (70). Men like fullt så vrimlar det i "Mands Minde" av klassiske stilfigurar, og særleg i dei delene der det personlege engasjementet er sterkest. Der blir

språket hans til det som Jacob Rosted i utgreiinga "Om den phatetiske del" av talen, kallar "det sprog som er sindsbevægelsene eget" og som er "et menneskes sprog, som, allene beskjæftiget med den gjenstand, der har bemestret sig hans sjel, og sat den i bevægelse, ikke har andet øiemærke, end at fremstille denne gjenstand med alle dens omstændigheder ligesaa sterk, som han selvføler den" (71).

Dei verkemiddel av denne karakter som syner seg klarast i "Mands Minde" har vi samla under følgjande punkt:

a) Repetisjon, b) Antitese, c) Retorisk spørsmål, d) Gradering. I tillegg til dette kjem e) Alliterasjon inn som eit klangleg verkemiddel, og av syntaktiske verkemiddel tek vi med nokre døme på f) Inversjon.

#### a) Repetisjon.

Eit tydeleg drag ved stilten i "Mands Minde" er bruken av såkalla repetisjon, dvs. at same ordet blir teke oppatt fleire gonger, på ein slik måte at det blir ein stigning i intensitet, noko som kan ha ein sterk agitatorisk effekt. Denne forma har nær tilknytning til den antikke talekunsten (72). Vi kan finne dette i form av ein anafor, som i dette dømet:

"...det er Fuskeri med os alle; Fuskeri med vor Behandling af Modersmaalet, Fuskeri med vore historiske Forelæsninger, Fuskeri med den Tjeneste vi gjør vore Tilhørere..." (73).

Epiforen finn vi også døme på, med ein tilsvarende effekt: "... thi ikke blot Leibniz og Wolf er døde, men Kant er død, og Fichte er død, og Hegel er død..." (74).

Eit eksempel på antimetabole, ein figur som Grundtvig tek i bruk med agitatorisk føremål (75), finn vi i dette uttrykket: "... den skjønneste Pagt mellem den folkeligste Konge og det kongeligste Folk..." (76).

b) Antitese.

Eit anna velkjent virkemiddel i den klassiske talekunsten er antitesen, der ord som står i motsetning til kvarandre i tyding eller stemning, blir stilte saman og gir framstillinga eit dramatisk-patetisk preg (77):

"...finder, at Døden er i Grunden bedre end Livet, fordi de kjende kun Livets Farer og Livets Møje, ikke dets himmelske Lyst og store, grænseløse Udsigter..." (78)

eller: "... foretrak det tørre og matte og kolde, foretrak Tale som en Bog for det fri, det friske, det vingede Ord, foretrak Død og Magtesløshed med sort paa hvidt for Liv og Kraft i Aanden?" (79).

c) Retorisk spørsmål.

Det retoriske spørsmål finn vi også rikeleg med døme på: "... med hvad Ret tør man da nu paastaa, at hun, der begejstrede Skjaldene, ikke ogsaa begejstrede Kæmperne, skjønt de sædvanlig, som Bjoervlv, Bjarke og Stærkodder, var lidt af begge Dele? Eller ligger maaské Skammen deri, at den danske Natur er kvindelig og drager derfor Kraften til sig som en Elsker, udvikler den kun hos sig som en Moder?" (80).

d) Gradering.

Graderinga, eller den gradvise stigninga, er ein figur som virkar forsterkande. Den er typisk for ein del av barokkstilen, og er eit fast verkemiddel i Grundtvigs prosa i det heile (81). Frå "Mands Minde" dreg vi fram eit døme som dette:

"...nylig vaagnet i denne Anskuelse, hvori Fortid og Fremtid levende sammenmelte med det nærværende Øjeblik, ja, sammenmelte i det som Mindet og Haabet i den nordiske Kæmpenatur, - nylig vaagnet i den nordiske Anskuelse af Livet og glødende

for den, med brændende Længsel efter at være dens Talsmand for mine jævnaldrende..." (82).

e) Alliterasjon.

Eit klangleg verkemiddel som alliterasjon er mykje brukt i "Mands Minde". Nokre eksempel skal nemnast:

"det guldtakte Gimle og det grønne Gudhjem" - "blotte Red-skaber i Maskin-Mesterens haand, tankeløse Trælle i Fabrikherrens Gaard" - "det usynlige i Hjærne-Kisten og i Hjærte-Kamret" - "her mødtes vi som Aserne paa Idas Slette og ledte i Græsset om de gamle Guldtavl, for at lege med Gammen paa ny!"

f) Inversjon.

Det syntaktiske verkemidlet som skal dragast fram her, er inversjon. Grundtvig brukar det mykje, og grunnen til det, meiner Ulla Albeck (83), er at det gir stilen ein meir arkaisk karakter. Vi nemner desse døma:

"Frihed, ægte Frihed, har der nemlig aldri været i Frankrig",

"Gjærne maatte vist nok baade vi og hele Verden ønsket",  
"Rolig og simpelt vil jeg derfor ogsaa fortælle Dem".

Litteratur- og forkortingsliste.

- Albeck = Ulla Albeck: Dansk Stilistik. 5. udg. Kbh. 1965.
- Basar. Tidsskrift. Oslo. 1980.
- Morten Borup: Johan Ludvig Heiberg. Kbh. 1948.
- Bugge = K.E. Bugge: Skolen for Livet: Studier over N.F.S. Grundtvigs pædagogiske tanker. Kbh. 1965.
- DsA = Den sidste Aften paa Grundtvigs Forelæsninger. Kbh. 1839.
- Jørgen Fafner: Tanke og tale. Den retoriske tradition i Vest-europa. Kbh. 1982.
- MM = N.F.S. Grundtvig: Mands Minde 1788-1838. Udg. af Svend Grundtvig. Kbh. 1877.
- GI = Grundtvig og Ingemann. Brevvexling 1821-59. Udg. af Svend Grundtvig. Kbh. 1882.
- Breve til og fra N.F.S. Grundtvig. Udg. af Georg Christensen og Stener Grundtvig. Kbh. 1924 ff.
- GSk = Grundtvigs Skoleverden i tekster og udkast. Udg. af K.E. Bugge. Kbh. 1968.
- N.F.S. Grundtvig: Statsmæssig Oplysning - et udkast om sam-fund og skole. Udg. v. K.E. Bugge og Vilhelm Nielsen. Kbh. 1983.
- Pierre Guiraud: Stilistikk. Omsett og tilrettelagd av Johs. A. Dale. Oslo. 1960.
- Hj. Helweg: N.F.S. Grundtvigs Sindssygdom. 2. Udg. Kbh. 1932.
- KS = Kirkehistoriske Samlinger. 5.række. Kbh.
- Koch = Hal Koch: Grundtvig. Kbh. 1943.
- William Michelsen: Tilblivelsen af Grundtvigs historiesyn. Kbh. 1954.
- NK = Nordisk Kirketidende. Kbh. 1838.
- Reg. = Registrant over N.F.S. Grundtvigs Papirer. Kbh. 1957 ff.
- Simon = Erica Simon: Hovedtræk i Grundtvigs kulturfilosofi

eller historiesyn. Særtryk af Højskolebladet. 1974.

Sprog og kultur. Udg. af Institut for jysk sprog og kulturforskning v. Peter Skautrup og H.P. Hansen. Attende bind - hæfte 3-4. Aarhus 1951.

Skautrup = Peter Skautrup: Det danske Sprogs Historie. Kbh. 1944 ff.

Steenstrup = Johannes Steenstrup: Historieskrivningen i Danmark i det nittende Aarhundrede. Kbh. 1889.

Kaj Thaning: For menneskelivets skyld. Kbh. 1971.

" Menneske først - Grundtvigs opgør med sig selv.  
Kbh. 1963.

Toldberg = Helge Toldberg: Grundtvig som filolog. Kbh. 1946.

VU = N.F.S. Grundtvig: Værker i Udvalg. Udg. af Georg Christensen og Hal Koch. Kbh. 1940 ff.

Notar.Kap. I. Innleiing.

- 1a. Sitert etter Koch s.111
- 1b. MM s. XV
2. KS 5. række b. I s.734
3. Reg. fasc. 359 I s.I
4. KS s.734
5. " "
6. NK nr. 25 1838
7. MM s.VII
8. Fafner s.416
9. DsA s.2
10. " " 13
11. NK nr. 48 1838
12. GI nr. 85
13. Breve til og fra N.F.S.Grundtvig b.II s.299
14. GI nr. 87
15. MM s.XIII
16. Morten Borup: Johan Ludvig Heiberg b. II s.17
17. MM s.XIII
18. Fafner s.415
19. MM s.XIX-XX
20. Reg. fasc. 359 I s.IV-V
21. " " " " III
22. MM s.XVIII-XIX
23. DsA s.11
24. MM s.V
25. " " VII-XI
26. " " 2
27. " " 3
28. " " 128

Kap. II. "Den universalhistoriske Anskuelse".

1. VU b. V s.IX
2. William Michelsen: Tilblivelsen af Grundtvigs historiesyn s.7
3. VU b. V s.IX
4. Sitert etter Koch s.77

5. Kaj Thaning: Menneske først - Grundtvigs opgør med sig selv s.342
6. Kaj Thaning: For menneskelivets skyld s.150
7. " " Menneske først - s.349
8. GS<sub>k</sub> b.I s.239
9. MM s.2
10. " " 3
11. " " 6
12. Simon s.13-14
13. Steenstrup s.61
14. Simon s.15
15. " " 15-16
16. Steenstrup s.65-66
17. MM s.468
18. " " 10
19. " " 453
20. " " 330
21. " " 455
22. " " 454
23. " " "
24. " " 444
25. " " 444-445
26. " " 446
27. " " "
28. " " "
29. " " 447
30. " " 454
31. " " 330-331
32. " " 456
33. " " "
34. " " 458
35. " " 8
36. " " 334
37. " " 335
38. " " "
39. " " 336
40. " " 337
41. " " 11
42. " " 200
43. " " 130
44. " " 6
45. " " 129

Kap. III. To ytterpunkt: Revolusjonen og Napoleon.

1. MM s.108
2. " " 73
3. " " "
4. " " 107
5. " " 98
6. " " "
7. " " "
8. " " 100
9. " " "
10. " " "
11. " " 101
12. " " "
13. " " 102
14. " " 125
15. " " 191
16. " " "
17. " " "
18. " " "
19. " " 188
20. " " "
21. " " 209
22. " " "
23. " " 312
24. " " 343
25. " " 210
26. " " 228
27. " " 229
28. " " 230
29. " " "
30. " " 252
31. " " 253
32. " " 254
33. " " 339
34. " " 340
35. " " "
36. " " 210
37. " " 298
38. " " 289
39. " " 308
40. " " 311



41. MM s.254  
 42. " " 340  
 43. " " 343

Kap. IV. "Det borgerlige Selskab".

1. MM s.483  
 2. " " 483-484  
 3. " " 355  
 4. " " "  
 5. " " "  
 6. " " 356  
 7. " " "  
 8. " " "  
 9. " " 79  
 10. " " "  
 11. " " 75  
 12. " " 79  
 13. " " 127-128  
 14. " " 32  
 15. " " 41  
 16. " " 78  
 17. " " "  
 18. " " "  
 19. " " 484  
 20. " " 485  
 21. " " "  
 22. " " 487  
 23. " " 488  
 24. " " 489  
 25. " " "  
 26. " " 490  
 27. " " 357  
 28. " " 358  
 29. " " "  
 30. " " "  
 31. " " 359

Kap. V. Grunnleggjande vilkår for historisk forklaring.

2. MM s.254
3. " " 49-50
4. " " 70
5. " " "
6. " " "
7. " " 80
8. " " 128
9. " " 388
10. " " 389
11. " " "
12. " " 391
13. " " 422
14. VU b.IV s.51
15. GSk s.165
16. MM s.534
17. VU b.IV s.52
18. Gustav Albeck: Det levende Ord. Sprog og Kultur b.18 h.3-4
19. Skautrup b.III s.248-249
20. MM s.274
21. " " 275
22. " " 454
23. " " 45
24. " " 337
25. " " "
26. " " 338
27. " " 31-32
28. " " 451
29. " " "
30. " " 493

Kap. VI. Middel til å fremje historisk forklaring.

1. N.F.S. Grundtvig: Statsmæssig Oplysning s.40-41
2. William Michelsen: Tilblivelsen af Grundtvigs historie-syn s.7
3. MM s.6
4. " " 409
5. " " "
6. " " 452
7. " " "
8. " " 7

9. MM s.8
10. " " "
11. " " 132-133
12. " " 133
13. " " 433
14. " " 501
15. " " 476
16. " " 477
17. " " "
18. " " 478
19. " " "
20. " " "
21. " " "
22. " " 479
23. " " 480
24. " " 281
25. " " "
26. " " 380
27. " " 271
28. " " "
29. " " 273
30. " " 357
31. " " 358
32. " " 360
33. " " 78
34. " " 73
35. " " "
36. " " 494
37. " " 45
38. " " 46
39. " " 46-47
40. " " 48
41. " " 492
42. " " "
43. " " 494
44. " " "
45. " " 510
46. " " "
47. Bugge s.284
48. MM s.46
49. " " 97-98
50. " " 98

51. MM s. 131-132

52. " " 129

53. " " 492

Kap. VII. Språk og stil.

1. Skautrup b.III s.324
2. Hj. Helweg: N.F.S. Grundtvigs Sindssygdom s.121
3. Skautrup b.III s.324
4. Toldberg s.9-10
5. Skautrup b.III s.325
6. " " " "
7. Toldberg s.10
8. Sitert etter Skautrup b.III s.325
9. " " " " "
10. Skautrup b.III s.331
11. GSk s.63-78
12. Albeck s.28-29
13. Skautrup b.III s.249
14. Toldberg s.140
15. Sitert etter Toldberg s.140
16. Toldberg kap IV
17. Skautrup b.III s.330
18. MM s.249
19. " " 366
20. " " 496
21. Skautrup b.III s.327-328
22. MM s. 190
23. " " 144
24. " " 362
25. " " "
26. " " 23
27. Albeck s.75
28. " " 114
29. MM s.311-312
30. " " 39-40
31. " " 282
32. " " 468
33. Kaj Thaning: Menneske først - s.381
34. MM s.481
35. " " 478

36. MM s.49
37. " " 31-32
38. " " 471
39. " " 468
40. " " 477
41. " " 128
42. " " 7
43. " " 479
44. " " 486
45. " " 54
46. " " 7-8
47. " " 130
48. " " 499
49. " " 20
50. " " 209
51. " " 253
52. " " 306
53. " " 200
54. " " 329
55. " " 3
56. " " 7
57. " " 8
58. " " 8-9
59. " " 26
60. " " 6
61. " " 482
62. " " 45
63. " " 334
64. " " 133
65. Fafner s.408
66. Pierre Guiraud: Stilistikk s.21
67. Fafner s.388
68. " " 390
69. Jon Hellesnes: Jakob Rosted og retorikken. Basar nr. 4  
1980 s.43
70. " s.44-49
71. " " 48-49
72. Albeck s.159
73. MM s.129
74. " " 70
75. Albeck s.168
76. MM s.490

- 77. Albeck s.181
- 78. MM s.336
- 79. " " 337
- 80. " " 498
- 81. Albeck s.197
- 82. MM s.2-3
- 83. Albeck s.233

"EN SÆREGEN BETRAGTNING AF MENNESKE-LIVET"  
N.F.S. Grundtvigs Mands Minde 1788-1838

Samandrag.

I 1838 heldt N.F.S. Grundtvig på oppmøding ei rekkje foredrag på Borchs Kollegium i København. Foredraga vart seinare utgitt under tittelen "Mands Minde". Ramma for dei i alt 51 foredragene var dei siste 50 års historie. Det han vil med desse foredragene, seier han, er å formidle "en særegen Betragtning af Menneskelivet". Føremålet med denne oppgåva er å gjera greie for nokre viktige sider av denne "Betragtning", slik den kjem til syne i foredragsmanuskripta.

Sentralt i "Mands Minde" står "den universalhistoriske Anskuelse", som er sjølve grunnsynet hans når det gjeld menneskelivet i det heile. For vidare å kaste lys over denne "Anskuelse" dreg eg først fram hans vurdering av dei to mest ytterleggåande historiske hendingane i perioden, den franske revolusjonen og Napoleon. Deretter gjer eg greie for hans syn på "det borgerlige Selskab", statsforfatninga.

Eit viktig drag ved "Anskuelsen" er påstanden om at føremålet med historia er "forklaring". Han set opp to grunnleggjande vilkår for ei slik forklaring: "Friheden" og "det levende Ord paa Modersmaalet".

Der desse vilkåra er tilstades, vil skalden vera ein viktig reiskap til å fremja den historiske forklaringa. Men det som det meir senn nokon gong er bruk for til å fremja denne forklaringa, hevdar Grundtvig, er auka folkeleg opplysning, og til å gi det trengst det ein "folkelig Højskole". Han kjem inn på tanken om denne skulen i ulike samanhengar gjennom foredragene, og det kan slåast fast at ein bør kunne rekne "Mands Minde" til Grundtvigs folkehøgskuleskrifter. Særleg verdfullt for forståinga av skuletankane hans er at dei her heile tida står i ein historisk og politisk samanheng.

Til slutt i oppgåva gjer eg greie for nokre språklege og stilistiske særdrag.